



Innkalling

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Grendahuset
Dato:	06.11.2025
Tid:	Kl. 09:00

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå på telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til kommunestyre møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
056/25	Godkjenning av møteprotokoll	
057/25	Skriv og melding	
058/25	Utvikling av Søre-Mortevika som næringsareal	
059/25	Vedtak om høyring på Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038	

Det vert også orientering om:

Status i prosjekt

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029

Solund kommune

30.10.2025

Gunn Åmdal Mongstad
-ordfører-



Saksframlegg

Arkiv: K1-033
ArkivsakID: 25/906
JournalpostID: 25/3407
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 30.10.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
056/25	Kommunestyre	06.11.2025

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg i saka:

03.10.2025 Møteprotokoll - Kommunestyre - 02.10.2025



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyre
Møtestad: Nord Solund Bygdetun
Dato: 02.10.2025
Tid: Kl. 09:30 - 14:30
Saksnr.: 039/25 – 055/25

Faste representantar som møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP
Øystein Olai Espeland	H
Anne Marie Gåsvær	SP
Erlend Lambrechts Trovåg	SP
Gunn Åmdal Mongstad	SP
John Sigfred Hugøy	SP
Nils Christian Bjørge	SP
Per Daniel Losnegård	SP
Sara Tunestveit	SP
Endre Johan Bukkøy Natvik	SV

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Sigve Lerpold	AP	Hans Emil Gåsvær	AP
Bjarne Leiv Ravnøy	H	Øystein Aarøy Mårstig	H
Kenneth Sæbø	H		
Signe Bjørøy	H		
Øyvind Losnegard	SP	Manuela Gjata	SP

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 25. september 2025
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt. Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen. Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer. Leiar for Samfunn- og næringsutvikling Gudrun Kristin Fatland. Leiar for Oppvekst og kultur Øystein Bolset Strand. Rådgevar Anne Kristine Dyrdal (til og med sak 051/25).

	Trainee Andrea Ramsrud Kjellvang.
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Endre Johan Bukkøy Natvik og Per Daniel Losnegård vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	Solund Næringsbygg AS v/ styreleiar Øyvind Kråkås orienterte om deira drift. <i>Kommunedirektøren orienterar om:</i> Rådgjevar Anne Kristine Dyrdal orienterte om Vestland fylkeskommune sine planprogram for Plan for areal og mobilitet og Plan for verdiskaping og kompetanse. Planprogramma ligg på heimesidene til Vestland fylkeskommune. Region Fjordane arbeidar med uttale til begge planprogramma. Det er mogleg å kome med innspel til Region Fjordane sin uttale, men kan også kome med eige uttale. Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt orienterte om utbetringsarbeidet på Solundheimen. Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt orienterte om Søre-Mortevika, framtidig bruk og arbeidet som er gjort med å kartlegge interessa for området. Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer orienterte om arbeidet med gangveg Sildevika - Steinsund. Kjem prosjektet inn under Vegvesenet sine krav i N100 vert det eit dyrt prosjekt. Skal ein kome utanfor krava i N100 må ein ut i terrenget. <i>Ordførar orienterar om:</i> Bygdelaget på Losna har saman med ordførar arbeida aktivt opp mot Vestland fylkeskommune angående ferjekaia på Losna. Saka vert handsama i hovudutval for samferdsel og mobilitet i Vestland fylkeskommune tysdag 14. oktober. Det vert offisiell opning av ny skule med bibliotek 17. oktober 2025. Invitasjon er sendt ut til gjestane.
Synfaring:	
Diverse:	<u>Dagsorden:</u> 09.30: Konstituering av møte 09.45: Orienteringar 11.30: Sak 049/25 og 040/25 12.25: Lunch 12.55: Resten av sakene i rekkefølge

	14.20: Ordførar sine orienteringar 14.30: Møte heva
--	--

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
039/25	Godkjenning av møteprotokoll
040/25	Skriv og melding
041/25	Alternativt tiltak, vegtrase, Klubben
042/25	Tertialrapport nr. 2. 2025
043/25	Budsjettendringar 2. tertial 2025
044/25	Kvalitetsmelding oppvekst Solund 2024/2025
045/25	Vedtak - Retningslinjer kulturmidlar
046/25	Høyring – Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Solund kommune
047/25	Høyring - Forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune
048/25	Vedtak temaplan for klima, energi og naturmangfald
049/25	Vidare arbeid med nytt kommunehus
050/25	Prosjektgruppe Hamnesentrum – avklaring mandat
051/25	Ekspressbåtstopp i Hardbakkeområdet – val av lokasjon
052/25	Veglys Skoterokkvegen
053/25	Fritak politiske verv
054/25	Suppleringsval til kontrollutvalet 2023 - 2027
055/25	Suppleringsval til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 2023 - 2027

Underskrifter:

039/25: Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 039/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre sin møteprotokoll frå 12. juni 2025 vert godkjent.

040/25: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 040/25 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

041/25: Alternativt tiltak, vegtrase, Klubben

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyre vedtek omlegging av vegbane, inkludert avretting og asfaltering av det fulle vegstrekket til ein total kostnad av 2 800 000 ,-.
Budsjettpostane utbetring Klubben og Oppgradering av kommunale vegar nyttast til realisering av tiltaket. Kostnad knytt til asfaltering, av vegbane urørt av utbetring i den bratte bakken mot nordvest, vert framskunda til 2025 ved budsjettjustering jfr tilbud kr 1.100.000 (andel av total kostnad).
Administrasjonen gjennomfører anbodskonkurranse, samt reguleringsendring. Det fysiske arbeidet vert utført våren 2026.

2. Administrasjonen set i gong grunnarbeid, og røysing av post- og bosshus ved innkøyring til feltet.
Det setjast av 100 000,- til etablering av boss- og postkassehus ved enden av feltet.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 049/25 VEDTAK:

1. Kommunestyre vedtek omlegging av vegbane, inkludert avretting og asfaltering av det fulle vegstrekket til ein total kostnad av 2 800 000 , -.

Budsjettpostane utbetring Klubben og Oppgradering av kommunale vegar nyttast til realisering av tiltaket. Kostnad knytt til asfaltering, av vegbane urørt av utbetring i den bratte bakken mot nordvest, vert framskunda til 2025 ved budsjettjustering jfr tilbod kr 1.100.000 (andel av totalkostnad).

Administrasjonen gjennomfører anbodskonkurranse, samt reguleringsendring. Det fysiske arbeidet vert utført våren 2026.

2. Administrasjonen set i gong grunnarbeid, og røysing av post- og bosshus ved innkøyring til feltet.

Det setjast av 100 000,- til etablering av boss- og postkassehus ved enden av feltet.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 041/25 VEDTAK:

1. Kommunestyre vedtek omlegging av vegbane, inkludert avretting og asfaltering av det fulle vegstrekket til ein total kostnad av 2 800 000 , -.

Budsjettpostane utbetring Klubben og Oppgradering av kommunale vegar nyttast til realisering av tiltaket. Kostnad knytt til asfaltering, av vegbane urørt av utbetring i den bratte bakken mot nordvest, vert framskunda til 2025 ved budsjettjustering jfr tilbod kr 1.100.000 (andel av totalkostnad).

Administrasjonen gjennomfører anbodskonkurranse, samt reguleringsendring. Det fysiske arbeidet vert utført våren 2026.

2. Administrasjonen set i gong grunnarbeid, og røysing av post- og bosshus ved innkøyring til feltet.

Det setjast av 100 000,- til etablering av boss- og postkassehus ved enden av feltet.

042/25: Tertialrapport nr. 2. 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 2 2025 for Solund kommune til vitende.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 050/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 2 2025 for Solund kommune til vitende.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 042/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 2 2025 for Solund kommune til vitende.

043/25: Budsjettendringar 2. tertial 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Drift:

370 Pleie og omsorg	1.800.000,-
480 Nav Solund	220.000,-
Redusert rammetilskot	2.283.000,-
Auke skatteinngong	-3.805.000,-
Auke renteinntekter	-498.000,-

Investering:

Prosjekt 2208 Badstu/ventilasjonsanlegg Idrettsbygg	-442.000,-
Prosjekt 2405 Velferdsteknologi	-508.000,-
Prosjekt 2424 Utbetring Klubben	950.000,-

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 051/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Drift:

370 Pleie og omsorg	1.800.000,-
480 Nav Solund	220.000,-
Redusert rammetilskot	2.283.000,-
Auke skatteinngong	-3.805.000,-
Auke renteinntekter	-498.000,-

Investering:

Prosjekt 2208 Badstu/ventilasjonsanlegg Idrettsbygg	-442.000,-
Prosjekt 2405 Velferdsteknologi	-508.000,-
Prosjekt 2424 Utbetring Klubben	950.000,-

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 043/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Drift:

370 Pleie og omsorg	1.800.000,-
480 Nav Solund	220.000,-
Redusert rammetilskot	2.283.000,-

Auke skatteinngong	-3.805.000,-
Auke renteinntekter	-498.000,-

Investering:

Prosjekt 2208 Badstu/ventilasjonsanlegg Idrettsbygg	-442.000,-
Prosjekt 2405 Velferdsteknologi	-508.000,-
Prosjekt 2424 Utbetring Klubben	950.000,-

044/25: Kvalitetsmelding oppvekst Solund 2024/2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kvalitetsmelding for barnehagen, grunnskulen og kulturskulen vert teken til orientering.

Oppvekst- og kultursektoren skal halde fram med dei fokusområda som kjem fram i kvalitetsmeldinga.

Neste kvalitetsmelding vert lagt fram hausten 2026.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Felles framlegg om tillegg til 3. avsnitt:

“Ved denne framlegginga ynskjer kommunestyret ei orientering om korleis innføring av fem dagars skuleveke for 1. - 4. klasse har vore. Og om innføringa fungerer etter intensjonen, til dømes fokus på leik og praktisk læring.”

Votering:

Det vart røysta samla over felles framlegg om tillegg og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Felles framlegg om tillegg og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 052/25 VEDTAK:

Kvalitetsmelding for barnehagen, grunnskulen og kulturskulen vert teken til orientering.

Oppvekst- og kultursektoren skal halde fram med dei fokusområda som kjem fram i kvalitetsmeldinga.

Neste kvalitetsmelding vert lagt fram hausten 2026. Ved denne framlegginga ynskjer kommunestyret ei orientering om korleis innføring av fem dagars skuleveke for 1. - 4. klasse har vore. Og om innføringa fungerer etter intensjonen, til dømes fokus på leik og praktisk læring.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 044/25 VEDTAK:

Kvalitetsmelding for barnehagen, grunnskulen og kulturskulen vert teken til orientering.

Oppvekst- og kultursektoren skal halde fram med dei fokusområda som kjem fram i kvalitetsmeldinga.

Neste kvalitetsmelding vert lagt fram hausten 2026. Ved denne framlegginga ynskjer kommunestyret ei orientering om korleis innføring av fem dagars skuleveke for 1. - 4. klasse har vore. Og om innføringa fungerer etter intensjonen, til dømes fokus på lek og praktisk læring.

045/25: Vedtak - Retningslinjer kulturmidlar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjene for tildeling av kulturmidlar vert vedtekne slik dei ligg dei ligg føre. Retningslinjene skal reviderast innan utgangen av 2027.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Felles framlegg om endring i 1. avsnitt:

"med fylgjande endringar:

Under punkt 2. Føresetnader:

1. avsnitt:

Tek ut setningane "50 % av midlane vert sett av til fordeling etter punkt 3 A, 50 % til fordeling etter 3 B. Dersom ikkje alle midlane i ei av ordningane vert brukt opp, kan dei nyttast til den andre ordninga".

2. avsnitt:

Ordlyden "Midlar til fordeling etter punkt 3 A" vert endra til ordlyden "Midlane". Setninga "Midlar til fordeling etter punkt 3 B vert handsama enkeltvis og fortløpande etter førebuing av kommunedirektøren." går ut.

Eksisterande 3. avsnitt går ut, nytt 3. avsnitt:

Søknadsfrist for midlane er 1. april og 1. september

Eksisterande 4. avsnitt går ut, nytt 4. avsnitt:

Søklar til midlane må være heimehøyrande i Solund kommune

Under punkt 3: Overordna inndeling A. Kulturmidlar til frivillige lag og foreiningar:

Ordlyd under Kriterium for støtte "Høge medlemstal, mykje aktivitet og eigeninnsats vil telje positivt." går ut.

Under punkt 3: Overordna inndeling B. Støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst:

Under 1. avsnitt, tillegg til siste punktum "i regi av profesjonelle og frivillige".

"

Votering:

Det vart røyste samla over felles framlegg til endring og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Felles framlegg til endring og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 053/25 VEDTAK:

Retningslinjene for tildeling av kulturmidlar vert vedtekne slik dei ligg dei ligg føre med fylgjande endringar:

Under punkt 2. Føresetnader:

1. avsnitt:

Tek ut setningane "50 % av midlane vert sett av til fordeling etter punkt 3 A, 50 % til fordeling etter 3 B. Dersom ikkje alle midlane i ei av ordningane vert brukt opp, kan dei nyttast til den andre ordninga".

2. avsnitt:

Ordlyden "Midlar til fordeling etter punkt 3 A" vert endra til ordlyden "Midlane". Setninga "Midlar til fordeling etter punkt 3 B vert handsama enkeltvis og fortløpande etter førebuing av kommunedirektøren." går ut.

Eksisterande 3. avsnitt går ut, nytt 3. avsnitt:

Søknadsfrist for midlane er 1. april og 1. september

Eksisterande 4. avsnitt går ut, nytt 4. avsnitt:

Søkjær til midlane må være heimehøyrande i Solund kommune

Under punkt 3: Overordna inndeling A. Kulturmidlar til frivillige lag og foreiningar:

Ordlyd under Kriterium for støtte "Høge medlemstal, mykje aktivitet og eigeninnsats vil telje positivt." går ut.

Under punkt 3: Overordna inndeling B. Støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst:

Under 1. avsnitt, tillegg til siste punktum "i regi av profesjonelle og frivillige".

Retningslinjene skal reviderast innan utgangen av 2027.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Framlegg frå Anne Marie Gåsvær:

Under punkt 3 B støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst.

Avsnittet Kriterium for støtte:

Setninga "Permanente verk skal verte verande i Solund" vert teke ut.

Votering:

Det vart fyst røyste over framlegget frå Anne Marie Gåsvær. Framlegget frå Anne Marie Gåsvær vart samrøystes vedteke.

Det vart so røyste over formannskapet sitt framlegg til vedtak med vedteke endring. Formannskapet sitt framlegg til vedtak med vedteke endringar vart samrøystes vedteke.

KOM- 045/25 VEDTAK:

Retningslinjene for tildeling av kulturmidlar vert vedtekne slik dei ligg dei ligg føre med fylgjande endringar:

Under punkt 2. Føresetnader:

1. avsnitt:

Tek ut setningane "50 % av midlane vert sett av til fordeling etter punkt 3 A, 50 % til fordeling etter 3 B. Dersom ikkje alle midlane i ei av ordningane vert brukt opp, kan dei nyttast til den andre ordninga".

2. avsnitt:

Ordlyden "Midlar til fordeling etter punkt 3 A" vert endra til ordlyden "Midlane". Setninga "Midlar til fordeling etter punkt 3 B vert handsama enkeltvis og fortløpande etter førebuing av kommunedirektøren." går ut.

Eksisterande 3. avsnitt går ut, nytt 3. avsnitt:

Søknadsfrist for midlane er 1. april og 1. september.

Eksisterande 4. avsnitt går ut, nytt 4. avsnitt:

Søklar til midlane må være heimehøyrande i Solund kommune.

Under punkt 3: Overordna inndeling A. Kulturmidlar til frivillige lag og foreiningar:

Ordlyd under Kriterium for støtte "Høge medlemstal, mykje aktivitet og eigeninnsats vil telje positivt." går ut.

Under punkt 3: Overordna inndeling B. Støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst:

Under 1. avsnitt, tillegg til siste punktum "i regi av profesjonelle og frivillige".

Under punkt 3 B støtte til kunstfagleg verksemd og profesjonell kunst.

Avsnittet Kriterium for støtte:

Setninga "Permanente verk skal verte verande i Solund" vert teke ut.

Retningslinjene skal reviderast innan utgangen av 2027.

046/25: Høyring – Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Solund kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre legg forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Solund kommune ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 16.11.25.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 054/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre legg forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Solund kommune ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 16.11.25.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:*Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 046/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre legg forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Solund kommune ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 16.11.25.

047/25: Høyring - Forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Solund kommunestyre legg forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 16.11.25.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:*Votering:*

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 055/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre legg forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 16.11.25.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:*Votering:*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 047/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre legg forskrift om skulefritidsordninga i Solund kommune ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 16.11.25.

048/25: Vedtak temaplan for klima, energi og naturmangfald

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek planframlegget slik det ligg føre.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 057/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek planframlegget slik det ligg føre.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 048/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek planframlegget slik det ligg føre.

049/25: Vidare arbeid med nytt kommunehus

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek følgjande:

1. Kommunedirektøren utarbeidar kravspesifikasjon pr fag, og innhentar prisar for gjennomføring av entreprisa.
2. Kommunedirektøren ser på alternative finansieringsmodellar av tiltaket i samarbeid med styre i Solund Næringssenter AS.
3. Kommunedirektøren legg frem pris, gjennomføringsmodell og alternative finansieringsmodellar for kommunestyret.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Felles framlegg til endring i 1. ledd:

"Solund kommune arbeidar vidare med avklaring av framtidig løysing for kommunehus, inklusiv lokalisering. Som ein del av grunnlaget for ei endeleg avgjerd vert fylgjande tiltak vedteke:

1. Kommunedirektøren utarbeidar kravspesifikasjon pr fag, og innhentar prisar for gjennomføring av entreprisa.
2. Kommunedirektøren ser på alternative finansieringsmodellar av tiltaket i samarbeid med styret i Solund Næringsbygg AS.
3. Kommunedirektøren legg frem pris, gjennomføringsmodell og alternative finansieringsmodellar for kommunestyret."

Votering:

Det vart røysta samla over felles framlegg til endring og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Felles framlegg til endring og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 056/25 VEDTAK:

Solund kommune arbeidar vidare med avklaring av framtidig løysing for kommunehus, inklusiv lokalisering. Som ein del av grunnlaget for ei endeleg avgjerd vert fylgjande tiltak vedteke:

1. Kommunedirektøren utarbeidar kravspesifikasjon pr fag, og innhentar prisar for gjennomføring av entreprisa.
2. Kommunedirektøren ser på alternative finansieringsmodellar av tiltaket i samarbeid med styret i Solund Næringsbygg AS.
3. Kommunedirektøren legg frem pris, gjennomføringsmodell og alternative finansieringsmodellar for kommunestyret.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 049/25 VEDTAK:

Solund kommune arbeidar vidare med avklaring av framtidig løysing for kommunehus, inklusiv lokalisering. Som ein del av grunnlaget for ei endeleg avgjerd vert fylgjande tiltak vedteke:

1. Kommunedirektøren utarbeidar kravspesifikasjon pr fag, og innhentar prisar for gjennomføring av entreprisa.

2. Kommunedirektøren ser på alternative finansieringsmodellar av tiltaket i samarbeid med styret i Solund Næringsbygg AS.
3. Kommunedirektøren legg frem pris, gjennomføringsmodell og alternative finansieringsmodellar for kommunestyret.

050/25: Prosjektgruppe Hamnesentrum – avklaring mandat

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre sluttar seg til følgjande mandat for prosjektet «Hamnesentrum» :

- Avklare ekspressbåtstopp før ein melder oppstart av planarbeidet.
- Jobbe fram ein områdeplan for indre hamn, geografisk avgrensa i samsvar med omriss i saksutgreiinga. Dersom ekspressbåtstoppet vert bestemt plassert andre stader enn i indre hamn vil reguleringsplanen verta utvida til også å gjelda det aktuelle området.
- I planarbeidet ha fokus på :
 - naudsynte funksjonar knytt til eit ekspressbåtstopp
 - legge til rette for effektiv kommunikasjon mellom snøggbåtkai og grendene i Solund.
 - bustadfortetting i hamna
 - betre tilkomsten til hamna
 - elles sette av areal til tiltak som skapar trivsel og liv i hamna, helst gjennom heile året.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 058/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre sluttar seg til følgjande mandat for prosjektet «Hamnesentrum» :

- Avklare ekspressbåtstopp før ein melder oppstart av planarbeidet.
- Jobbe fram ein områdeplan for indre hamn, geografisk avgrensa i samsvar med omriss i saksutgreiinga. Dersom ekspressbåtstoppet vert bestemt plassert andre stader enn i indre hamn vil reguleringsplanen verta utvida til også å gjelda det aktuelle området.
- I planarbeidet ha fokus på :

- naudsynte funksjonar knytt til eit ekspressbåtstopp
- legge til rette for effektiv kommunikasjon mellom snøggbåtkai og grendene i Solund.
- bustadfortetting i hamna
- betre tilkomsten til hamna
- elles sette av areal til tiltak som skapar trivsel og liv i hamna, helst gjennom heile året.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 050/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre sluttar seg til følgjande mandat for prosjektet «Hamnesentrum» :

- Avklare ekspressbåtstopp før ein melder oppstart av planarbeidet.
- Jobbe fram ein områdeplan for indre hamn, geografisk avgrensa i samsvar med omriss i saksutgreiinga. Dersom ekspressbåtstoppet vert bestemt plassert andre stader enn i indre hamn vil reguleringsplanen verta utvida til også å gjelda det aktuelle området.
- I planarbeidet ha fokus på :
 - naudsynte funksjonar knytt til eit ekspressbåtstopp
 - legge til rette for effektiv kommunikasjon mellom snøggbåtkai og grendene i Solund.
 - bustadfortetting i hamna
 - betre tilkomsten til hamna
 - elles sette av areal til tiltak som skapar trivsel og liv i hamna, helst gjennom heile året.

051/25: Ekspressbåtstopp i Hardbakkeområdet – val av lokasjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre bed om at det vert gjort ei utgreiing for å finne best eigna plass for ekspressbåtstopp på Hardbakke. Ein bed om at følgjande områder vert nærare vurdert :

- Indre hamn på Hardbakke
- Valen
- Næringsareal N20 i Steinsund.

Det vert elles synt til saksutgreiinga.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 065/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre bed om at det vert gjort ei utgreiing for å finne best eigna plass for ekspressbåtstopp på Hardbakke. Ein bed om at følgjande områder vert nærare vurdert:

- Indre hamn på Hardbakke
- Valen
- Næringsareal N20 i Steinsund.

Det vert elles synt til saksutgreiinga.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 051/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre bed om at det vert gjort ei utgreiing for å finne best eigna plass for ekspressbåtstopp på Hardbakke. Ein bed om at følgjande områder vert nærare vurdert :

- Indre hamn på Hardbakke
- Valen
- Næringsareal N20 i Steinsund.

Det vert elles synt til saksutgreiinga.

052/25: Veglys Skoterokkvegen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund Kommunestyret løyver inntil 300.000 til etablering av 5 veglys langs den kommunale Skoterokkvegen. Tiltaket vert finansiert med midlar frå investeringsprosjekt 2425 Trafikktryggingstiltak.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 059/25 VEDTAK:

Solund Kommunestyret løyver inntil 300.000 til etablering av 5 veglys langs den kommunale Skoterokkvegen. Tiltaket vert finansiert med midlar frå investeringsprosjekt 2425 Trafikktryggingstiltak.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 052/25 VEDTAK:

Solund Kommunestyret løyver inntil 300.000 til etablering av 5 veglys langs den kommunale Skoterokkvegen. Tiltaket vert finansiert med midlar frå investeringsprosjekt 2425 Trafikktryggingstiltak.

053/25: Fritak politiske verv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre gjev representanten Signe Borøy fritak frå politiske verv i Solund kommune for perioden 1. juli 2025 - 30. november 2025.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 060/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre gjev representanten Signe Borøy fritak frå politiske verv i Solund kommune for perioden 1. juli 2025 - 30. november 2025.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 053/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre gjev representanten Signe Borøy fritak frå politiske verv i Solund kommune for perioden 1. juli 2025 - 30. november 2025.

054/25: Suppleringsval til kontrollutvalet 2023 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel xxx som 1. vararepresentant for Høgre i kontrollutvalet.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Framlegg frå H v/ Øystein Olai Espeland:

“Solund kommunestyre vel Øystein Mårstig som 1. vararepresentant for Høgre i kontrollutvalet.”

Votering:

Framlegget frå H vart samrøystes vedteke.

FOR- 064/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vel Øystein Mårstig som 1. vararepresentant for Høgre i kontrollutvalet.

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Framlegg frå H v/ Øystein Olai Espeland:

“Solund kommunestyre vel Øystein Mårstig som 1. vararepresentant for Høgre i kontrollutvalet.”

Votering:

Framlegget frå H vart samrøystes vedteke.

KOM- 054/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vel Øystein Mårstig som 1. vararepresentant for Høgre i kontrollutvalet.

055/25: Suppleringsval til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 2023 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel xxx som 2. vara til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden perioden 2023 - 2027.

Solund kommunestyre vel xxx som vara for representanten Anne Marie Gåsvær til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden perioden 2023 - 2027.

Handsaming i Formannskap 29.09.2025:

Saka vart drøfta og formannskapet kontaktar aktuelle kandidatar og kjem med forslag til kommunestyremøtet.

FOR- 061/25 VEDTAK:

Handsaming i Kommunestyre 02.10.2025:

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel Signe Bjorøy som vara for representanten Anne Marie Gåsvær til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden perioden 2023 - 2027.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 055/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre vel Magne Hamre som 2. vara til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden perioden 2023 - 2027.

Solund kommunestyre vel Signe Bjorøy som vara for representanten Anne Marie Gåsvær til fellesråd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden perioden 2023 - 2027.



Saksframlegg

Arkiv: K1-033
ArkivsakID: 25/906
JournalpostID: 25/3408
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 30.10.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
057/25	Kommunestyre	06.11.2025

Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

Saksnummer	Tittel
1	Møtebok frå representantskapsmøte 29.09.2025
2	Skriv og melding - NAV Partnerskapsmodell
3	Oppstart budsjett 2026

Emne: Representantskap for SEKOM sekretariat - møtebok frå 29.9.25

Kopi: Audhild Ragni Vie Alme <Audhild.Ragni.Vie.Alme@sekom.no>, Vereide Per Rune (prv@sp.no) <per.rune@vereide.no>, Merete Haugsdal (meretehaugsdal@hotmail.com) <meretehaugsdal@hotmail.com>, Ole Johnny Stubhaug <ole.johnny.stubhaug@politikar.sunnfjord.no>, Ann Sissel Austgulen <Ann.Sissel.Austgulen@hyllestad.kommune.no>, Vidar Stavik <vidar.stavik@enivest.net>, Askvoll postmottak <postmottak@askvoll.kommune.no>, Hyllestad Postmottak <postmottak@hyllestad.kommune.no>, Høyanger Postmottak <postmottak@hoyanger.kommune.no>, Postmottak kontakt Bremanger <post@bremanger.kommune.no>, Postmottak kontakt Gloppen <post@gloppen.kommune.no>, Postmottak kontakt Gulen <postmottak@gulen.kommune.no>, Postmottak kontakt Stryn <postmottak@stryn.kommune.no>, Fjaler Postmottak <postmottak@fjaler.kommune.no>, Postmottak Sunnfjord kommune <postmottak@sunnfjord.kommune.no>, Solund Postmottak <post@solund.kommune.no>, tormod.aadlandsvik@gmail.com, beatedybendal@hotmail.com, oeyvind2706@gmail.com, sonja@flogardsmat.no, Marte Haugsbakk <Marte.Haugsbakk@fjaler.kommune.no>, sara_tunestveit@hotmail.com, gelle@osland.no, aslak.nyhammer@enivest.net, Helge Robert Midtbø <helge.robert.midtbo@politikar.sunnfjord.no>, anne.merete.takle@enivest.net

Til: Frank Ask <Frank.Ask@Askvoll.kommune.no>, tor_inge88@hotmail.com, Kjell Eide <Kjell.Eide@hyllestad.kommune.no>, Jenny Følling <Jenny.Folling@sunnfjord.kommune.no>, per.jarle@combitel.no, jshugoey@online.no, normann.grimen@enivest.net, per.kjollesdal@stryn.kommune.no, Leif Jarle Espedal <Leif.Jarle.Espedal@fjaler.kommune.no>, Petter Sortland <Petter.Sortland@hoyanger.kommune.no>

Sendt: 01.10.2025 10:49:39

Fra: Arnar Helgheim <Arnar.Helgheim@sekom.no>

[Her finn de møtebok frå representantskapsmøte 29.9.25.](#)

Styret har neste møte 8. desember der dei mellom anna set opp møteplan for neste år.

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

www.sekom.no

ah@sekom.no

+47 975 81 418



ArkivsakID:
25/840

JournalID:
25/3376

Arkivkode:
K2-F00

Dykkar.ref

Dato:
27.10.2025

Skriv og melding - NAV Partnerskapsmodell

Bakgrunn

Leiar for NAV Solund er tilsett ut 2025. Det er difor behov for å vurdere framtidig organisering av NAV-tenestene i Solund kommune frå 01.01.2026. Etter møte med NAV Nordhordland og interne drøftingar med leiargruppa og medarbeidarar ved NAV-kontoret i kommunen, har NAV Nordhordland utarbeidd to alternativ for vidare drift.

Alternativ 1. Vertskommunesamarbeid med NAV Fensfjorden

Solund kommune går inn i vertskommunesamarbeidet med Fensfjorden-kommunane (Austrheim, Fedje, Gulen, Modalen og Masfjorden). NAV-tenester vert levert frå NAV Fensfjorden, organisert som ei interkommunal teneste under rådmannen i Masfjorden kommune. Om det er aktuelt med ein slik avtale der Solund og er med, må Solund kommune drøfte dette med Masfjorden kommune.

Organisering og ansvar

Ikkje eige NAV lokale i kommunen. Møter med brukarar vert halde i kommunen sine eigne lokale. Møterom må tilfredsstilla Nav sine krav til sikkerheit. Om det er aktuelt med ein slik avtale der Solund og er med, må Solund kommune drøfte dette med Masfjorden kommune.

NAV Fensfjorden har felles hovudkontor, med desentralisert profil.

Tilsette arbeider i fellesskap for heile regionen.

Oppmøtestad er normalt ved felleskontoret, men møterom i kommunane kan nyttast.

Mynde etter sosialtenestelova vert delegert til rådmannen i vertskommunen.

Kostnadsmodell basert på eksempel på Vertskommunesamarbeid (sjå vedlegg)

- Kostnader fordelast med 1/3 fast og 2/3 etter folketal.
- Administrasjonstillegg på 5 %.
- Betaling skjer som a-konto to gonger i året.
- Lokale kostnader knytt til tenester i tråd med vedtak, + lokalar, møterom, mm dekkast av kvar kommune.

Vurdert sårbarheit ved alternativ 1. Vertskommunesamarbeid

Manglande fysisk tilstadeværelse i Solund. NAV er ikkje fysisk til stades i kommunen, noko som gir sårbarheit for dei svakaste brukarane. Ikkje alle klarer å bruke digitale kanalar eller telefon.

Reisebelastning. Ein stor del av 25 % stillinga vil gå med til reisetid mellom Fensfjorden og Solund.

Avgrensa kapasitet,

- Færre fysiske møte i Solund.
- Lengre sakshandsamingstid.
- Usikker frekvens på oppmøte i kommunen.

Førebyggjande arbeid svekkast. Manglande lokal tilknytning gjer det vanskeleg å fange opp behov tidleg. Risiko for auke i sosialhjelpssaker på sikt.

Uklare roller og kontinuitet. Ulike personar vil komme til Solund og handtere ulike oppgåver. Dette kan skape forvirring for brukarar og samarbeidspartnarar.

IKT-sårbarheit. Solund har annan IKT-leverandør (SYSIKT) enn dei andre kommunane i samarbeidet (IKTNH).

Vurdering av alternativ 1. Vertskommunesamarbeid

- NAV er ikkje fysisk til stades i Solund.
- Reisetid tek opp stor del av stillinga.
- Færre fysiske møte og lengre sakshandsamingstid.
- Sårbart for dei svakaste brukarane.
- Mister førebyggjande arbeid og tett samhandling.
- Usikkerheit rundt tilsetjing og arbeidsdeling.
- Tilsette i NAV Solund tilrår ikkje dette alternativet.

Alternativ 2. Lokal modell med medfinansiering frå NAV Nordhordland

Solund kommune held fram med å levere kommunale NAV-tenester lokalt, medan statlege tenester vert levert frå Nav Fensfjorden/Nav Norhordland. NAV bidreg med medfinansiering på 25 % av ei 100 % stilling og dekkjer tilsvarende del av leigekostnader.

Organisering og ansvar

NAV-tilsette har oppmøtestad i Solund.

Kommunen har ansvar for kommunale tenester og lokal samhandling.

Den statlege delen av stillinga sorterast under Nav Fensfjorden/Nav Norhordland.

Økonomi og kostnader basert på modellforslag i frå NAV

- Nav Nordhordland har i modellforslaget oppgitt at de kan gå inn med ei medfinansiering med 25% av ein 100 % stilling. Nav kan bidra med inntil 25% av leigekostandene til lokalt Nav kontor i Solund. Den statlege delen av stillinga sorterast under Nav Fensfjorden/Nav Norhordland.
- NAV bidrar med 25 % av lønn til 100% stilling, og 25% av leige.
- Det må avklarast om NAV kan låsast til 25 % av felleskostnader + 0,25 årsverk. Ein ser behov for å forhandle prosent opp, då reisetid vil kunne tilkomme.
- Dersom dette ikkje påverkar felleskostnadane, kan rus og flyktingtenesta vurderast lagt til NAV-kontoret.

- Mindre bruk av eksterne tenester kan gi innsparing.

Vurdering av alternativ 2. Lokal modell med medfinansiering

- Tettare oppfølging av innbyggjarane. Nærheit gjer anledning til betre tverrfagleg og førbyggjande teneste.
- Lettare å ivareta aktivitetsplikta.
- Etablerte samarbeid med næringslivet kan vidareførast og utviklast.
- Sosialt og fagleg miljø for tilsette.
- NAV Fensfjorden kan bidra med fagmiljø ved behov.

Vurdert sårbarheit ved Alternativ 2. Lokal modell med medfinansiering

Fråvær og bemanning. Ved sjukdom eller ferie kan det bli sårbart dersom ein ikkje har back-up. NAV Nordhordland vil kunne ivareta statlege tenester ved fråvær, men kommunen må sikre kommunale tenester.

Tryggleik ved opent kontor. Det må vurderast korleis ein sikrar tryggleik ved brukarsamtalar og opningstider.

Sosial kontakt og fagmiljø. Tilsette kan oppleve å sitte aleine, det er behov for sosialt og fagleg fellesskap. Forslag om å flytte samfunns- og næringsutvikling til NAV-kontoret for å styrke miljøet.

IKT-samarbeid. Utdringar med ulik IKT-løysning kan oppstå, ein må vurdere evt. samarbeid med t.d. Askvoll kan vere ein løysing.

Behov for fleksibilitet. Kommunen må kunne tilpasse bemanning og oppgåver ved behov. Moglegheit for å selje eller byte tenester med Fensfjorden ved ledig kapasitet.

Oppsummering og vegen vidare

Det er behov for vidare arbeid med å finne ei løysing som sikrar både nærleik til brukarane og fagleg berekraft. Ein vil arbeide vidare med lokal modell Alternativ 2 med medfinansiering då den vurderast til å gi betre føresetnader for førbyggjande arbeid og tettare oppfølging. Samstundes som ein ser nærmare på moglegheitene for å forsterke NAV-kontoret med tilstøytane tenester for å styrke det faglege og sosiale miljøet.

Vedlegg

- Modellforslag i frå NAV, datert
- Kopieksempel av ein eldre Fensfjorden Vertskommune samarbeidsavtale.

Med helsing

Gudrun Kristin Fatland
Leiar for samfunns- og næringsutvikling

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Solund -alternativ - notat

Vertskommuneavtale NAV Fensfjorden



08.09.25

Av Arngunna Haga
Nav Nordhordland

Til Jens-Eivind Kobbeltvedt
Gudrun Flatland
Solund Kommune

Nav-tenester til innbyggjarane i Solund Kommune

Etter møtet i august har eg sett på to alternativ til korleis innbyggjarane skal få Nav-tenester, Notatet er meint som eit utgangspunkt for vidare drøftingar.

Det vart ikkje sett noko oppstartsdato, men eg vurderer at det er naturleg å tenkje 01.01.26. Leiar for Nav Solund er tilsett ut 2025.

Alternativ 1

Solund ber om å bli ein del av vertskommunesamarbeidet med dei andre kommunane i Fensfjorden. Tenestene vert levert på same måte til Solund som for dei andre kommunane i vertskommunesamarbeidet.

Ikkje eige NAV-lokale i kommunen. Møter med brukarar vert halde i kommunen sine eigne lokale. Møterom må tilfredsstilla Nav sine krav til sikkerheit.

Tilgjengelege tenester: Innbyggjarar kan levere søknader om sosialhjelp digitalt eller på papir i opningstida til resepsjon/innbyggjarservice i kommunen. Søknad vert skanna frå innbyggjarservice og er tilgjengeleg i fagsystem for sakshandsaming. Innbyggjarar kan og kontakte Nav på telefon for å få fremme ein søknad om sosialhjelp. Nav møter innbyggjarar etter kva trong den enkelte har. Nav Fensfjorden har eige vakttelefon på økonomisk sosialhjelp for innbyggjarar og nummer skal vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Eit lite obs.punkt: Her har Solund kommune anna ikt-leverandør enn dei andre kommunane i Fensfjorden. Vi er litt usikre på korleis det vert med skanning direkte til fagsystem. Dette må undersøkjast.

Fleksibilitet: Nav Fensfjorden i vertskommunesamarbeidet tar ansvar for å levere alle Nav-tenester til kommunen. Nav Fensfjorden har minimumsløysing av tenesteinnhald i Nav-kontoret.

Trygge tenester: Det er Nav Fensfjorden som leverer tenester etter lov om sosiale tenester. Mindre sårbart ved fråvær.

Sårbart: Nav er ikkje fast fysisk til stades på faste punkt i kommunen.

Samhandling med andre tenester i kommunen: Samarbeid med dei andre tenestene i kommunen til dømes Rus og psykiatri, barnevern og liknande vert på saksnivå.

Andre driftskostnader: Andre driftskostnader følgjer avtale i vertskommunesamarbeidet.

Marknadsarbeid: Nav vil bidra til godt samarbeid med arbeidsgjevarane i Solund og tilby Nav sine tenester inkludert rekrutteringsbistand.

Til orientering er avtale om vertskommunesamarbeid i Fensfjorden vedlagt. Om det er aktuelt med ein slik avtale der Solund og er med, må Solund kommune drøfte dette med Masfjorden kommune.

Alternativ 2

Solund kommune fortsett med å levere dei kommunale Nav-tenestene i Solund medan dei statlege Nav-tenestene vert levert frå region Nav Nordhordland. Nav Nordhordland kan gå inn med ei medfinansiering med 25% av ein 100 % stilling. Den statlege delen av stillinga sorterast under Nav Fensfjorden/Nav Nordhordland. Om Solund kommune ynskjer å fortsetta med eigne lokaler for Nav-tenestene, vil delen Nav yt ikkje overstige 25% av leigekostandene.

Tilgjengelege tenester: Solund har NAV-tilsette som er tilsett i kommunen og som har oppmøtestad i kommunen.



Fleksibilitet: Det er Solund kommune som leverer tenester etter Lov om sosiale tenester.

Sårbarhet: Kommunen må sikre at tenester etter sosialtenestelova vert levert ved t.d. fråvær.

Samhandling med andre tenester i kommunen: Kommunen har sjølv hand om eigne tilsette og kan bestemme korleis samhandlinga med andre tenester skal vera.

Andre driftskostnader: Her må vi bli samde om kva Nav skal betale for andre driftskostnader.

Marknadsarbeid: Nav vil bidra til godt samarbeid med arbeidsgjevarane i Solund og tilby Nav sine tenester inkludert rekrutteringsbistand.



VERTSKOMMUNEAVTALE

(Etter KL § 28-1B. Administrativ vertskommunesamarbeid)

OM

NAV FENSFJORDEN

MELLOM

GULEN KOMMUNE

MODALEN KOMMUNE

AUSTRHEIM KOMMUNE

FEDJE KOMMUNE

OG

MASFJORDEN KOMMUNE (VERTSKOMMUNE)



Innhold

1. Føremål.....	3
2. Vertskommunen sitt ansvar	3
3. Oppgaver som ligg utanfor vertskommunen sitt ansvar.....	3
4. Organisering av NAV Fensfjorden	4
5. Rapportering.....	5
6. Finansiering	5
7. Handsaming av klage.....	6
8. Evaluering	6
9. Oppseiing.....	6
10. Endring av avtalen	6
11. Tvistar	6
12. Avtalen og varigheit.....	7
13. Kommunestyret si godkjenning.....	7

1. Føremål

Kommunane er etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga pålagt ansvar for å sørgje for at personar som bur eller oppheld seg i kommunen, får tilbod om råd og rettleiing, og ulike sosiale ytingar.

For å kunne ivareta dei oppgåver og den mynde kommunar er gitt på best mogleg måte, blir det inngått avtale om administrativ vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28 -1b.

Målet med å etablere ei interkommunal NAV teneste for deltakarkommunane er å styrkje kompetanse, og sikre stabilitet, slik at brukarane får gode tenester med kvalitet.

Mynde som ligg til deltakarkommunane etter Lov om sosiale tenester i arbeids – og velferdsforvaltninga vert delegert til rådmann i vertskommunen.

2. Vertskommunen sitt ansvar

Vertskommunen ved rådmannen skal:

- Vere arbeidsgjevar for tilsette, administrasjon og leiar i NAV tenesteområde.
- Drifte interkommunalt NAV tenesteområde basert på delegasjonar frå deltakarkommunane.
- Bidra til at det interkommunale NAV kontoret har utstyr og felles kontorfasilitetar.
- Stille til disposisjon naudsynte støttefunksjonar for drift av det interkommunale tenesteområdet.
- Utarbeide rekneskap for drift av NAV Fensfjorden. Rekneskapen skal førast som eige rekneskap i vertskommunen sitt driftsrekneskap.
- Utarbeide verksemdsplan med mål og resultatkrav. Planen skal beskrive dei tiltak som planleggast for å få ei god måloppnåing, i tillegg til forventa ressursinnsats.
- Inngå naudsynte kontraktar / avtalar for drift av NAV Fensfjorden på vegne av deltakarkommunane.
- Organisere kunde- og publikumskontakt for alle kommunane i samband med dei oppgåver som er lagt til vertskommunen, som rettleiing, utarbeide relevant informasjonsmaterialet m.m.
- Ha arkivansvar for sosialtenesta i det interkommunale NAV tenesteområdet. Arkivering skal skje etter arkivlova, med felles arkivsystem frå 01.01.2019.
- Anna arbeid som er naturleg i samband med avtalen si verksemd, som innkjøp av utstyr, konsulenttenester m.m.

3. Oppgåver som ligg utanfor vertskommunen sitt ansvar

Deltakarkommunar ivaretek sjølv oppgåvene som er lista opp her. NAV Fensfjorden kan nyttast til å førebu sakene, men det den einskilde kommune som tar avgjerd.

- a) Vedta forskrifter, under dette også økonomiske stønadssatsar.
- b) Vedta planar for den einskilde kommune

- c) Bestemme nivå på tenesteinnhald i eigen kommune
- d) Anlegge eller motta søksmål
- e) Deltakarkommunane har sjølv godkjenningssfunksjon på sosiale lån.
- f) Bustader til vanskelegstilte § 15 og midlertidig butilbod § 27

4. Organisering av NAV Fensfjorden

NAV Fensfjorden blir organisert som ei teneste under rådmannen i vertskommunen, som har delegert mynde for fag, personal og økonomi. Vertskommunen har ansvar for tilsettingar i tråd med vanlege prosedyrar.

Tenesta vil etablere eit felles hovudkontor, samt at alle deltakarkommunane stiller til disposisjon lokale utekontor / møterom, med evt. utstyr. Kostnad med lokale utekontor vert dekkja av den einskilde kommune sjølv. Kostnad med utekontor skal og gjenspegla NAV sitt økonomiske bidrag og vere avklart i partnerskapsavtalen.

Oppmøtestad for den einskilde tilsett er normalt ved NAV Fensfjorden sitt felleskontor. Dei tilsette vil arbeide i eit fellesskap, der ein utfører oppgåver for heile regionen. NAV Fensfjorden skal ha ein desentralisert profil, der tilsette vil nytte møterom som er til disposisjon i alle kommunane.

NAV Fensfjorden vil ved oppstart ha følgjande bemanning (kommunal del):

Kommune:	Stillingressursar kommunal
Modalen	0,2
Masfjorden	1,2
Gulen	1,3
Austrheim	2,0
Fedje	0,25
Felles ny ressurs – merkantil og gjeldsrådgjeving	1
Leiarressurs	
	5,95

5. Rapportering

NAV Fensfjorden rapporterar til rådmann i vertskommunen.

Rådmann i vertskommunen rapporterar til deltakarkommunane 2 gonger pr. år. Det er rådmann i vertskommunen som har ansvar for å kalle inn til møte.

Rådmann i vertskommunen har og ansvar for å orientere og drøfte med deltakarkommunane om vedtak av prinsipiell karakter.


Deltakarkommunane blir skilt ut som eigen avdeling/ kontor i rapportering til Fylkesmannen, SSB/ KOSTRA og anna statleg rapportering.

Partnerskapsmøte med NAV stat blir gjennomført mellom rådmann i vertskommunen og NAV leiar for tenesteområde Nordhordland

6. Finansiering

Vertskommunen sine utgifter til tenester vedkomande løn, opplæring, rettleiing, kurs, kontorutgifter, inkl. adm.tillegg på 5%, blir finansiert gjennom innbetaling frå deltakarkommunane.

Fordeling av utgifter på den enkelte kommune blir med bakgrunn i folketal 1.1.2018, om ein legg til grunn 1/3 fast og 2/3 etter folketal;



Betalinga skjer ved a-konto beløp pr. 30.4. og 31.8. Avrekning blir gjort innan utgangen av januar påfølgjande år.

Den enkelte kommune forpliktar seg til å utføre tenester i tråd med vedtak, som blir fatta og sjølv tar kostnadane med dette.

Budsjett for neste år skal leggjast fram innan 15.10 i året framfør for budsjettåret. Ein legg til grunn at vekst i driftsramma må haldast innafor den generelle veksten i kommunesektoren. Budsjettauke utover den generelle ramma til kommunane må fremmjast i eiga sak i god tid før tiltak vert sett i verk.

7. Handsaming av klage

Klage på tenester skal takast imot og handsamast av NAV Fensfjorden. Viss klage ikkje blir tatt til gunst for brukar, skal klagen sendast vidare til klagenemnd i brukar sin bustadkommune, eller der det er klage på lovpålagte tenester, til fylkesmannen.

8. Evaluering

Med bakgrunn i målsetting i denne avtalen, skal det leggjast opp til ein gjennomgang og drøfting av fellestenester i løpet av 2020.

9. Oppseiing

Dersom deltakarane er samde om det, kan samarbeidet oppløysast med øyeblikkeleg verknad, jf. KL § 28 i.

Den einskilde kommune kan med 1 års skriftleg varsel sei opp sitt deltakartilhøve i vertskommunesamarbeidet.

Ved oppløysing, vil den einskilde kommune sjølv overta ansvar for dei oppgåver som er omfatta av samarbeidet.

10. Endring av avtalen

Denne avtalen kan endrast dersom ein av kommunane i samarbeidet **set** fram krav om dette. Endringar krev at det er semje frå alle.

11. Tvistar

Eventuell usemje mellom partane for den del av avtalen som er rettsleg forpliktande, skal partane søkje å løyse i minnelegheit. Dersom partane ikkje kjem til semje, kan tvist bringast inn for dei ordinære domstolane. Vernettinget i slike saker skal vere vertskommunen sitt vernetting.

12. Avtalen og varigheit

Avtalen gjeld frå den er underteikna.

Vertskommunen får mynde til å treffe vedtak frå og med 01.01.2019 for Austrheim, Fedje, Gulen og Modalen kommunar

13. Kommunestyret si godkjenning

Avtalen sin gyldigheit forutset godkjenning av kommunestyret i den enkelte kommune, jf KL § 28 e.

Denne avtalen er utsteda i ... og underteikna i ..eksemplar, der partane beheld eit eksemplar kvar.

....., /2018




Halvard Oppedal
ordfører i Gulen kommune



Tom Kristian Thorsen
ordfører i Modalen kommune



Per Lerøy
ordfører i Austrheim kommune



Stian Herøy
ordfører i Fedje kommune



Karstein Totland
ordfører i Masfjorden kommune



Solund kommune

Sentraladministrasjonen - Stab

Solund kommunestyre

ArkivsakID:	JournalID:	Arkivkode:	Dykkar.ref	Dato:
25/430	25/3406	K1-145		30.10.2025

Oppstart budsjett 2026

Det vil bli orientert om arbeidet med budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029 i kommunestyremøtet 6. november 2025. Vedlagt ligg formannskapet sin om oppstart budsjett 2026 som godt summerer opp statsbudsjettet og konsekvensar for Solund kommune. Det vert rom for innspel og spørsmål i samband med orienteringa.

Med helsing

Amund Fuglebakk Aglen
stabsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Oppstart budsjett 2026



Saksframlegg

Arkiv: K1-145
ArkivsakID: 25/430
JournalpostID: 25/3348
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 23.10.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
072/25	Formannskap	29.10.2025

Oppstart budsjett 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap ber kommunedirektøren arbeide vidare med budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 med utgangspunkt i vedteke økonomiplan.

Nedtrekk i statsbudsjettet som skuldast høge havbruksinntekter kan kompenseras gjennom bruk av havbruksinntekter, men nedtrekk som skuldast demografi må innarbeidast i løpet av økonomiplanperioden.

29.10.2025 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-072/25 Vedtak i:

Solund formannskap ber kommunedirektøren arbeide vidare med budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 med utgangspunkt i vedteke økonomiplan.

Nedtrekk i statsbudsjettet som skuldast høge havbruksinntekter kan kompenseras gjennom bruk av havbruksinntekter, men nedtrekk som skuldast demografi må innarbeidast i løpet av økonomiplanperioden.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

[K-sak 034/25 Økonomiplan 2025 - 2028](#)


Kva saka gjeld:

Budsjett 2026

Saksutgreiing:

Onsdag 15. oktober la Regjeringa fram forslag til Statsbudsjett 2026, som utgjer ein av dei viktigaste forusettingane for Solund kommune sitt budsjett for 2026 og økonomiplan for 2026 - 2029. Budsjettet er framleis ferskt og kommunedirektøren har per i dag ikkje oversikt over alle detaljane. Budsjettet skal også gjennom forhandlingar i Stortinget, og det er allerie før forhandlingane starta varsla endringar.

Men utan alle detaljane er det allereie klart at Solund kommune kom særst dårleg ut budsjettframlegget med ein vekst på frie inntekter på 698.000,-. I prosent av frie inntekter er det den lågaste veksten i Vestland og den nest lågaste i landet. Løns- og prisveksten i kommunal sektor (kommunal defaltor) er berekna å være 3,5 % frå 2025 til 2026. Så skal Solund kommune finansiere teneste på same nivå i 2026 som i dag manglar ein 3.035.000,-.



(Bearbeida tabell frå Statsforvaltaren i Vestland)

Den låge veksten i frie inntekter skuldast i hovudsak to store nedtrekk. Som omtala i tidlegare budsjett og økonomiplanar vart det frå 2025 innført eit nytt inntektssystem for kommunane. Her kom Solund kommune nest dårlegast ut i landet, målt per innbyggjar. Det skuldast fyst og fremst at det vart innført ein inntektsgrense for distriktstilskot Sør-Noreg. Kommunar med meir enn 140 % av landsgjennomsnittet i inntekter dei siste 4 åra, inkludert inntekter frå mellom anna inntekter frå havbruk, mottek ikkje lenger distriktstilskot Sør-Noreg. Solund kommune hadde på det tidspunktet inntekter på 145 % av landsgjennomsnittet og mista difor distriktstilskot Sør-Noreg på om lag 6.500.000,-. Solund kommune sine inntekter dei siste 4 åra mot målt mot landsgjennomsnittet er no truleg endå høgare grunna store utbetalingar frå Havbruksfondet i 2024.

Denne endringa vart fanga opp av inntektsgarantiordninga for kommunane (INGAR) og vert difor fasast inn over fleire år. Kostnaden frå 2025 til 2026 vert på om lag 1.250.000,- og er ein av grunnane til at kommunen kjem så dårleg ut i Statsbudsjettet 2026. Kommunedirektøren har tidlegare overvurdert kor mykje Solund kommune kjem til å få via INGAR og rekna opphøveleg med at nedtrekket maksimalt kom til å utgjere 300.000,- frå år til år. I økonomiplanen vedteke i juni 2025 var dette oppjustert til 992.000,- frå 2025 til 2026, og endeleg fasit visar at kostnaden vert på om lag 1.250.000,-. Det står då framleis eit nedtrekk på 3.125.000,- att som skal fasast inn over dei neste åra, og det er difor heller ingen grunn til å tru at Solund kommune kjem til å bli noko budsjettvinnar i dei kommande åra.

Det andre store nedtrekket i år er at Solund kommune ikkje får ordinært skjønnstilskot frå Statsforvaltaren. I 2025 var det på 1.300.000,-, og i økonomiplanen vedteke i juni 2025 lag ein til grunn at det haldt fram på tilsvarande nivå framover. Også dette nedtrekket skuldast Havbruksinntekter. Statsforvaltaren sin grunngjeving er som følgjer:

"Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet i dei siste åra. Kommunen tapar på endringar i inntektssystemet frå 2025 som følgje av bortfall småkommunetillegget. Kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR for dette tapet blir gradvis trappa ned over nokre år.

Frie inntekter i 2024 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 189 prosent av landsgjennomsnittet. Det høge inntektsnivået i 2024 skuldast i hovudsak stor utbetaling frå Havbruksfondet. Utbetalingane frå Havbruksfondet er vesentlege for kommunen. Det inneber også at dei samla inntektene til kommunen varierer mykje frå år til år. Inntekter frå havbruk har ovder tid lagt grunnlag for å bygge opp kommunen sitt disposisjonsfond.

Kommunen har vist til særlege utgifter til ivaretaking og oppfølging av verdifulle naturtypar.

På bakgrunn av høge frie inntekter blir det ikkje gitt skjønsmidlar for 2026."

Resten av midlane som manglar får å nå kommunal deflator og veksten i landet elles knytter seg til demografi. Då statsbudsjett framleis er rimeleg nytt kan det være andre utslag kommunedirektøren framleis ikkje har fått oversikt over, men demografien innebærer enkelte endringar som trekk ned. Staten dekker i utgangspunktet demografikostnadane til kommunane og dei ulike aldregruppene og andre demokrafikategoriane er ulikt vekta for å berekne kommunane sitt utgiftsbehov.

Folketalet i Solund steig med tre frå 1. juli 2025 til 1. juli 2026 men særleg ein nedgong i tal barn i barnehagealder trekk ned demografikostnadane til Solund kommune. Kullet som slutta i barnehagen i 2025 var meir dobbelt så stort som det som begynte i 2025, dette fordi kullet som begynte var særst lite. Kullet som skal slutte i barnehagen i 2026 er også dobbelt så stort som det som begynner i 2026, men denne gongen fordi kullet som slutter er særst stort. Då barnehagen til ein kvar tid berre består av fem kull kan det kome slike store svingingar, og ser ein ikkje at utviklingen vil snu må ein tilpasse drifta dei nye barnetala.

Vurdering:

Statsbudsjettet 2026 var ikkje særleg lystig lesing for Solund kommune, men kommunedirektøren vil påpeike at det i stor grad skuldast at Solund kommune har særst høge inntekter frå havbruksfondet. Sjølv om veksten i frie inntekter i Statsbudsjettet ikkje var god er den samla kommuneøkonomien til Solund kommune framleis solid. Det ligg også fleire "fallskjermar" i inntektssystemet viss noko skulle skje med havbruksinntektene til kommunen. Når kutta skuldast høge havbruksinntekter vurderer kommunedirektøren at dei også bør kompensast med havbruksinntekter. Det er ikkje naudsynt å legge opp til kuttprosessar når kommunen i realiteten har råd til å finansiere den eksisterende drifta.

Dette prinsippet ligg langt på veg allerede inne i vedteke økonomiplan. Kommunestyet har vedteke eit eige måltal som går ut på at ein på sikt ikkje skal nytte meir havbruksinntekter i drifta enn inntektene frå produksjonsavgifta og det bortfalte distriktstilskotet. I den vedtekne økonomiplanen er det lagt opp til å nytte i overkant av 16.000.000,- av havbruksinntekter i drifta i 2026. 8.000.000,- av desse er den årlege produksjonsavgifta og 8.000.000,- er auksjonsinntekter. Samla sett er det 4.853.000,- meir enn måltalet, men 2.529.000,- mindre enn i 2025. I tillegg er det lagt opp til 13.400.000,- til investeringar og 5.000.000,- i ekstraordinære avdrag på lån.

Kommunedirektøren tilrår at bortfallet av skjønnstilskotet vert handterte på same måte som bortfallet av distriktstilskotet. Då unngår ein kutt som ikkje er naudsynte. Samstundes må Solund kommune tilpasse seg dei demografiske endringane og kan ikkje berre fylle på med havbruksmidlar for å oppretthalde deler av drifta på eit nivå som ikkje lenger er aktuelt. Demografien har ein del svigningar over tid og kommunedirektøren tilrår at demografitilpasning difor vert gjort gjennom heile økonomiplanperioden, og ikkje frå år til år. Det aukar også moglegheitene for å kunne nytte naturlege avgangar til å tilpasse seg demografiutviklinga.

I vedteke økonomiplan ligg også ein del rammer som påverker arbeidet med budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029. Mellom anna er det lagt opp til særskild lånefinansiering for å få nedbetalt en høg lånegrad. Solund kommune vil ved utgangen av 2025 ha omlag 185.000.000,- i gjeld. Gjeldande økonomiplan legg opp til å betale ned over 30.000.000,- av denne gjelda kor 20.000.000,- ligg inne som ekstraordinære nedbetalingar i år med havbruksauksjonar. Der ligg eit stort handlingsrom. Samstundes er investeringsnivået mot slutten av økonomiplanperioden lågt og det er fleire prosjekt som er omtala, men ikkje fullfinansiert i økonomiplanen, som må finansierast frå dette handlingsrommet om dei skal realiserast.



Saksframlegg

Arkiv: K1-202, K2-L12
ArkivsakID: 25/892
JournalpostID: 25/3327
Sakshandsamar: Nikolai Birkeland
Stølsvik
Dato: 22.10.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
071/25	Formannskap	29.10.2025
058/25	Kommunestyre	06.11.2025

Utvikling av Søre-Mortevika som næringsareal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av føreslått tiltak. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

29.10.2025 Formannskap

Handsaming:

Felles framlegg til vedtak:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av nordre del av Søre Mortevika der ein ser på å etablere ei om lag 40 m lang kai, på linje med eksisterande etablert kaianlegg, samt utfylling i sjø av overskotsmassar. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-071/25 Vedtak i:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av nordre del av Søre Mortevika der ein ser på å etablere ei om lag 40 m lang kai, på linje med eksisterande etablert kaianlegg, samt utfylling i sjø av overskotsmassar. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Administrasjonen har sidan kjøp av næringsseigedommen i Søre-Mortevika arbeida med ulike framlegg til løysing, i tillegg til at ein har vert open for innspel frå private. Det vart i September gjennomført eit kort møte med private næringsdrivande i Solund kommune, samt Skanska der ein såg ulike løysingar.

Saksutgreiing:

Administrasjonen har, i samband lokale næringsdrivande og Skanska komme fram til ei potensiell løysing ein ønskjer å utgreie vidare.

Tiltaket dreiar seg om å starte utvikling av nordre del av næringsarealet, der ein ser på å etablere ei om lag 40 lm lang kai, på linje med eksisterande etablert kaianlegg, samt utfylling i sjø av overskotsmassar. Arbeidet vil omhandle mindre sprengingsarbeid, samt utfylling i sjø og betongarbeid.

Løysinga som ligg på bordet opna for at ein startar utvikling av nordre del, slik at ein er fristilt til å utvikle arealet sørover, som er der reguleringsplanen strekker seg.

Det nye kaianlegget vil primært fungere som ei service-, last- og lossekai for fiskerinæringa, men vil også kunne serve båtar opp til 150 lm då ein tek sikte på å forlenge dagens kailinje.

Tiltaket er planlagt delfinansiert med Post 60 midlar frå Kystverket (Inntil 50% støtte), som ein første fase i etablering av fiskerihamn. Det med bakgrunn i at eit framtidige nothus er tenkt plassert i Søre Mortevika. Målsetjinga er å søke midlar i 2026, då med godkjent reguleringsplan. Regulering handterast i eiga politisk sak.

Skanska har estimert ei ramme inn til 150 000,- eks mva til prosjekteringsarbeidet, som vil gje grunnlag for å utarbeide ei eksakt kostnadskalkyle for arbeidet, og sikrar naudsynt prosjektering og ansvarsrettar.



Bilde 1: Illustrera tiltak ein ønskjer kostnadskalkulert, samt eksisterande betongkai.

Vurdering:

For utvikling av Søre-Mortevika handlar det om å sjå framtidsretta løysingar, med låg økonomisk belastning og stort potensiale for fleksibilitet.

Tiltaket som ligg til grunn vil ta for seg nordre del, slik at ein ikkje vil hindre andre i å utvikle delareal i framtida, ein kan arbeide uavhengig.

Utgangspunktet for arbeidet er mindre massehandtering og sprenging, samt betongarbeid.

Vinninga vil være ei serice-, last og lossekai som også vil kunne serve båtar opp mot 150 lm.

Kostnadsnivået for at Skanska gjennomføre arbeidet sjåast som lågt opp mot at ein må hyre eigne entreprenørar i seinare tid. Skanska har vidare mesteparten av naudsynt prosjekteringsunderlag, som gjev store besparingar.

Ein vurderer forslaget som ligg på bordet som eit fornuftig, framtidsretta startskot for utvikling av næringsarealet. .



Saksframlegg

Arkiv: K1-141
ArkivsakID: 25/156
JournalpostID: 25/3298
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 20.10.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
069/25	Formannskap	29.10.2025
059/25	Kommunestyre	06.11.2025

Vedtak om høring på Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-4 vedtek Solund kommunestyre å legge utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund kommune 2026-2038 på høring. Høyringsperioden vert sett til 6 veker.

Arbeidet med handlingsplanen vert slått saman med økonomiplanprosessen i tråd med det som er beskrive i saka.

29.10.2025 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-069/25 Vedtak i:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-4 vedtek Solund kommunestyre å legge utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund kommune 2026-2038 på høring. Høyringsperioden vert sett til 6 veker.

Arbeidet med handlingsplanen vert slått saman med økonomiplanprosessen i tråd med det som er beskrive i saka.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Gjeldande samfunnsdel for Solund kommune 2020 - 2030:

https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-95849_1_AId-202002938!FJfNYk?pid=3

Kunnskapsgrunnlag til kommunal planstrategi:

https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-125416_1_AId-2022009722!B4LUfa

Kommunal planstrategi: https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-128086_1_AId-2022010725!bfr0hW

Planprogram revisjon av samfunnsdel: <https://www.solund.kommune.no/f/p3/icb701d43-3ba5-4bae-b891-d2db3f2c6b0d/planprogram-kommuneplanen-sin-samfunnsdel-solund-kommune-2024-vedteke.pdf>

Arbeidsverkstad 25. januar 2024: Lenke til notat med meir:

<https://www.solund.kommune.no/tenester/prosjekt-og-overordna-planar/planar/kommunal-planstrategi/arbeidsverkstad-i-kommunestyret-25-januar-2024.40909.aspx>

Arbeidsverkstad 15. februar 2024: Lenke til notat med meir:

<https://www.solund.kommune.no/tenester/prosjekt-og-overordna-planar/planar/kommunal-planstrategi/arbeidsverkstad-i-kommunestyret-15-februar-2024.40933.aspx>

Arbeidsverkstad 28. februar 2024: Lenke til notat med meir:

<https://www.solund.kommune.no/tenester/prosjekt-og-overordna-planar/planar/kommunal-planstrategi/arbeidsverkstad-med-lag-og-organisasjonar-28-februar-2024.40950.aspx>

Høyringsvedtak 18. april 2024: Lenke til sak: https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/moteoversikt/#/details/m-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-975!04uivR

Vedtak av kommunal planstrategi 13. juni 2024: Lenke til sak:

https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/moteoversikt/#/details/m-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-976!AlyOZA

Vedtak av planprogram til revisjon av samfunnsdelen 26. september 2024:

https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/moteoversikt/#/details/m-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-977!DGns5D

Drøftingssak 20. mars 2025: https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/moteoversikt/#/details/m-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-1055!SSgunG

Arbeidsverkstad 3. april resulterte i handlingsplan til bygdevekst 2025. Lenke til vedtakssak i juni 2025: https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/moteoversikt/#/details/m-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-1062!bTY5Rq

Plan- og bygningslova: [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\)](#) - Lovdata

Kva saka gjeld:

Kommunestyret skal i denne saka ta stilling til om samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund kommune 2026 - 2038 skal sendast på høyring og offentleg ettersyn. Høyring og offentleg ettersyn skal kunngjerast i samsvar med lovkrav, og høyringsperioden vert sett til 6 veker.

Saksutgreiing:

Kort om samfunnsdelen til kommuneplanen

Samfunnsdelen til kommuneplanen er det viktigaste verktøyet vi har for å styre kommunen vår, og handlar om korleis vi skal utvikla tenestene og legge til rette for god samfunnsutvikling. Planen har både eit langsiktig og eit kortsiktig perspektiv, og bygger på viktige utfordringar og moglegheiter vi har i kommunen. Den inneheld langsiktige mål som fortel oss kva retning vi ynskjer å utvikle oss i, og syner kva vi må gjere for å nå måla våre.

Forankring og rammer for arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen

Arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen er forankra i planstrategien til Solund kommune, der kommunestyret har vedtatt at vi skal revidere samfunnsplanen. Rammene for arbeidet med samfunnsdelen er lagt i vedtatt planprogram for revisjon av samfunnsdel til kommuneplanen for Solund. Her er det lagt føringar for blant anna kor omfattande revisjonen skal vere, prosess, framdriftsplan og prioriteringar.

I arbeidet med kommunal planstrategi og planprogram til samfunnsdelen vart det arbeida fram fem prioriteringar. Desse kjem fram i vedteke planprogram saman med andre føringar for arbeidet. Utklipp frå planprogram og vedtak av planprogram følgjer:

- ... i tråd med **gjeldande føringar**, nasjonale og lokale utfordringar, og ynskja utvikling.
-**behalde struktur** og gjere justeringar i gjeldande samfunnsdeldokument.
- *Proessen i førre revisjon var omfattande og med bakgrunn i dette så vert det tilrådd ei **liten revisjon**. Ein ser likevel behov for justeringar i samband med det som er kartlagt så langt i prosessen med kommunal planstrategi.»*
- ...det er **aktuelt å endre på prioriteringar** i planen, i tillegg til å endre på handlingsplanen til dei enkelte temaa (korleis).
- (KOM 26.09.24) ...**vidareføre retninga** i gjeldande plan.
- (KOM 26.09.24)**har ein gjort ei vurdering av satsingar og prioriterte område** i eksisterande plan, slik dei er omtala vidare i dette dokumentet.
- (KOM 26.09.24)**har det peika seg ut fem område som ein vil setje særleg fokus på i komande periode**. Her er det behov for å justere satsingar ut frå endringar og behov i samfunnet.... Desse temaa er:
 - Arbeid
 - Bumiljø og bustader
 - Samferdsle og infrastruktur
 - Kultur og frivilligheit
 - Arbeidsmåtar i ei ny tid

Planprogrammet for samfunnsdelen og planstrategien omtalar regionale og nasjonale føringar for planprosessen:

- [FNs bærekraftsmål](#) Bryllaupskakemodellen (figur under) seier at berekraftsmåla innanfor økonomi må jobbast for på ein slik måte at dei ikkje går på bekostning av klima og miljø, og sosial forhold. Men skal det vere eit livskraftig samfunn i Solund, så må måla balanserast. Prioriteringane i planprogrammet synleggjer at følgjande berekraftsmål vert prioritert med eit Solund-perspektiv i den komande perioden:
 - Mål 2 Utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk (Prioritering 2)
 - Mål 3 Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder (Prioritering 4 og 5)
 - Mål 4 Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle (Prioritering 4 og 5)
 - Mål 8 Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle (Prioritering 2 og 5)
 - Mål 9 Byggje solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon (Prioritering 3)
 - Mål 10 Mindre ulikskap (Prioritering 2, 3 og prinsipp)
 - Mål 11 Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige (Prioritering 1)

- Mål 13 Handle omgåande for å motarbeide klimaendringane og konsekvensane av dei (Prioritering 5)
- Mål 16 Fred, rettferd og velfungerande institusjonar (Prioritering 5)
- Mål 17 Samarbeid for å nå måla (Alle prioriteringar)



-
- [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027 - regjeringen.no](https://regjeringen.no) seier noko om forventningar til planlegging, og legg blant anna vekt på at kommunal planlegging ikkje skal gjerast meir omfattande enn nødvendig og at berekraftsmåla skal ligge til grunn for planlegginga.
- Utviklingsplanen til Vestland fylkeskommune [upvl-2024-2028-regional-planstrategi.pdf](#) med sine fire hovudmål, har lagt regionale føringar for planarbeidet.

Organisering, prosess og medverknad for planarbeidet

Arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen har følgd organiseringa som ligg i vedtatt planprogram, med formannskapet som politisk styringsgruppe, og kommunedirektøren si leiargruppe som administrativ styringsgruppe.

Arbeidet med kommunal planstrategi og revisjon av samfunnsdel må sjåast i samanheng, og tidslinja i prosessen ser difor slik ut:

- 25. januar 2024: Arbeidsverkstad i kommunestyremøte med arbeid kring styrkar, utfordringar, kunnskapsbehov og nye tankar. Her deltok Solund Næringssamskipnad og leiargruppa.
- 15. februar 2024: Arbeidsverkstad i kommunestyremøte med arbeid kring samferdsel, næring, kommunesenteret, kommunal drift, og kultur og frivilligheit. Her deltok tre representantar frå ungdomsrådet, leiar for fellelsråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, saman med fleire frå leiargruppa.
- 28. februar 2024: Arbeidsverkstad i kommunalt møte med lag og organisasjonar med arbeid kring styrker, utfordringar, kvifor vi er god på frivilligheit og kva frivilligheita treng. Her deltok ordførar, varaordførar og representantar frå administrasjonen.
- 18. april 2024: Vedtak om høyring på kommunal planstrategi, og vedtak om planoppstart revisjon av samfunnsdelen i kommunestyre. Sakene var først i ungdomsrådet og fellelsråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
- 13. juni 2024: Vedtak av kommunal planstrategi i kommunestyret. Saka var først i ungdomsrådet og fellelsråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
- 26. september 2024: Vedtak av planprogram for revisjon av samfunnsdelen i kommunestyret. Saka var først i ungdomsrådet og fellelsråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
- 20. mars 2025: Drøftingssak i formannskapsmøte for avklaringar kring planprogram og handlingsplan bygdevekst.
- 3. april 2025: Arbeidsverkstad i kommunestyremøte der det vart jobba med handlingsplanen til bygdevekst.

- 5. juni 2025: Drøftingssak i formannskapsmøte der det vart lagt fram drøftingssak til konkrete delar av gjeldande plan. Vedtak: «*Solund formannskap ynskjer at politisk leiing vert tidleg involvert i arbeidet med handlingsplan. Det vert gjennomført nytt arbeidsmøte for grundigare å gå gjennom overordna del av samfunnsdelen.*»
- 11. september 2025: Arbeidsverkstad i formannskapsmøte.

Det som har skjedd på tidslinja her ligg til grunn for det reviderte dokumentet som ligg vedlagt i saka. I tillegg har det vore gjennomført ein prosess internt i administrasjonen som starta hausten 2023 med evaluering av gjeldande plan og utfordringane for dei ulike sektorane.

Om framlegget til samfunnsdelen

Framlegget har forhalde seg til føringane i vedteke planprogram som peika på over, saman med innspel i arbeidsverkstader, og politiske og administrative møter. Det er brukt opp att tekst frå gjeldande plan, i den grad det har stemt med realitetane og det har vore formålstenleg. Samfunnsdelen slik den vert lagt fram i denne saka oppfyller krava i plan- og bygningslova. Det er difor ikkje lovpålegg som krev ytterlegare høyring og offentleg ettersyn på plandokumentet, og dette er å rekne som nest siste steg i samsfunnsdelprosessen, før endeleg vedtak av plandokumentet etter høyring.

Tittelen på planen er framleis den same: "Vi skaper framtida i lag". Tittelen seier noko om at alle har eit høve til å delta og påverke samfunnet i Solund, og at alle har eit ansvar for at Solund skal vere ein kommune der alle føler seg inkludert og sett. Det seier også noko om at ei framleis positiv utvikling i Solund er avhengig av samarbeid og samskaping.

Framlegget til plandokument er strukturert som den gjeldande planen. I kapittel 1 finn ein ei innleiing med omtale av kva ein samfunnsdel er og revisjonen i denne omgang. I same kapittelet kan ein lese om styrker og utfordringar som Solund har med seg i arbeidet framover.

I kapittel 2 teiknar vi eit bilde av korleis vi vil ha det i framtida - lagsiktige mål for planperioden fram til 2038. I vedlagt framlegg er det foreslått eit nytt omgrep på desse måla - *Solund 2038*. Prinsippa for arbeidet til Solund er også omtala her: Berekraft, tryggleik og inkludering. Arbeidet med prinsippa vert gjort gjennom arbeidet med prioriteringane og anna arbeid.

- Berekraft er definert som arbeid for å bidra til å nå berekraftsmåla og dei prioriterte måla i planarbeidet: 2, 3, 4, 8, 9, 10, 11, 16 og 17 (sjå ovanfor).
- Tryggleik handlar primært om tryggleik for liv og helse, sett i eit totalbreds-kapsperspektiv. I dette ligg behovet for ein totalberedskap i samfunnet med stor breidde av aktørar, frå kommunar og naudetatar til næringsliv og frivilligheit. Aktørar som er budde i møte med meir og mindre overraskande og uventa hendingar, både sivile, militære, naturgjevne og menneskeskapte.
- Inkludering er å ta menneske med i eit fellesskap, og å sørge for at dei kan delta.

I kapittel 3 finn ein prioriteringane for perioden. Dette er prioriteringar for perioden 2026 - 2028:

1. Varierte bustadtilbod og gode bukvalitetar
2. Livskraftig næringsliv i Solund
3. Samferdsel og infrastruktur for framtida
4. Kultur og frivilligheit for fellesskap, engasjement og livskvalitet
5. Arbeidsmåtar i ei ny tid

Prioriteringane skal bidra på vegen til å få det samfunnet som vi ynskjer i 2038, og løysast på ein slik måte at ein bidrar til å arbeide med dei utvalde berekraftsmåla. Prioriteringane kjem direkte frå vedteke planprogram for revisjonen. Det er nokre moment som ein kan merke seg: Prioritering nummer to - Livskraftig næringsliv - handlar blant anna om arbeidskraft og rekruttering inkludert kommunen som arbeidsgjevar. Medan prioritering nummer fem -

Arbeidsmåtar i ei ny tid - omtalar primært kommunal organisasjon, men i samarbeid med andre aktuelle aktørar.

Alle prioriteringane har målsetting. Strukturen i teksten på kvar prioritering er fast, med eit avsnitt for kvar del:

- Definisjon og innramming av prioriteringa.
- Status på temaet
- Behovet
- Prioriteringa sitt bidrag til dei langsiktige målsettingane - *Solund 2038*.
- Kva vi vil/strategiar. Det er denne teksten som set retning på prioriteringa.

Det er konkretisert nokre satsingar under prioriteringane.

- Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet – Regulering av sentrum på Hardbakke (under prioritering 1)
- Auke Solund sin attraktivitet som ein stad å bu (under prioritering 1)
- Styrke næringsutvikling og jobbmarknad (under prioritering 2)
- Førebu nytt trafikkmonster internt i kommunen (under prioritering 3)
- Solund i samspel (under prioritering 4)
- Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar samfunnsutvikling i ei ny tid (under prioritering 5)

Teksten på kvar prioritering er utarbeida på bakgrunn av medverknadsarbeidet som er nemnt tidlegare i saka.

Ein arealstrategi er kommunen sine overordna prinsipp for framtidig arealbruk. I planprogrammet er det sagt at det skal utarbeidast ein arealstrategi. Dette er ikkje gjort i denne fasen. Solund kommune har ikkje eigentleg ein arealstrategi i gjeldande plan, men kapittel 4.9 Berekraftig arealbruk er det næraste ein kjem. Det kan vere aktuelt å ta denne med direkte vidare.

I vedlegget er det kome til to nye kapittel:

- Oversikt over mål og satsingar - dette er ein oversikt over mål og satsingar på ei side som gjer det lettare å få oversikt.
- Om planen - ein omtale av innhaldet i planen og oppbygginga av strukturen

Vedlegget i gjeldande plan inneheld, handlingsprogrammet, meir om status og utfordringar, omtale av plansystemet, og referansar og kjelder.

Samfunnsdel og bygdevekst

Dei førstkomande åra er satsingane delvis dei same som delmåla i Bygdevekstavtalen. Bygdevekstavtalen er forankra i Solund kommune sin samfunnsdel 2020 – 2030. Samfunnsdelen for 2026 – 2038 skal ha same retning som gjeldande plan, jamfør planprogrammet for revisjonen. Bygdevekstavtalen er eit verktøy som vi brukar for å jobbe med dei prioriteringane som Solundsamfunnet likevel skal jobbe med dei komande åra, slik at bygdevekstarbeidet gjenspeglar delar av samfunnsdelen. Styringa på satsingane som vert løyst gjennom bygdevekst, skjer gjennom Bygdevekstavtalen og dei årlege handlingsplanane fram til 2028. Dette gjeld satsingane:

- Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet – Regulering av sentrum på Hardbakke
- Auke Solund sin attraktivitet som ein stad å bu
- Styrke næringsutvikling og jobbmarknad
- Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar samfunnsutvikling i ei ny tid


Dei andre satsingane vert konkretisert i handlingsplanen saman med prioriteringane.

Vidare prosess og oppfølging av samfunnsdelen

Framlegget frå kommunedirektøren tilseier ei høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel på seks veker. Når høyringsperioden er over vert plandokumentet revidert basert på innkomne innspel, og deretter vert sak lagt fram for politisk vedtak så snart dette er formålstenleg.

I planprogrammet står det: *“Dette er alle tema [dei fem prioriteringane] i gjeldande samfunnsdel, og det er aktuelt å endre på prioriteringar i planen, i tillegg til å endre på handlingsplanen til dei enkelte temaa (korleis). Det er jo ein del ting i handlingsplanen som er utført og kan takast bort, og det er synleggjort i kommunal planstrategiprosessen at andre ting truleg må leggst til.”*

Det ligg difor ingen veldig tydelege føringar for korleis prosessen med revisjon av handlingsprogrammet skal vere. Oppfølginga av samfunnsdelen skjer hovudsakleg gjennom økonomi- og budsjettplanlegging. Med bakgrunn i dette vert det lagt fram forslag om at det vert samla innspel til handlingsdelen administrativt, frå ungdomsrådet og fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, saman med lag og organisasjonar og næringslivet. Møtepunkta vert i eksisterande fora. Desse innspela vert samla i ein oversikt utarbeida av administrasjonen som drøftingsgrunnlag med ei administrativ tilråding til prioritering saman med økonomiplansaka i junimøtet. I dette møtet får formannskap og kommunestyret komme med eigne prioriteringar som tilføyning i tråd med eigne valprogram inn i dette drøftingsgrunnlaget. I junimøtet og økonomiplanmøta utover hausten, må det prioriterast frå dette handlingsprogrammet på lik linje med andre prioriteringar i økonomiplansaka for det komande året. Dette er eit grep som vert foreslått for å jobbe med handlingsprogrammet og økonomiplanen samla, og vedtak av handlingsplanen vert difor i økonomiplansaka i desember.



Vurdering:

Revisjonen av samfunnsdelen skulle i denne omgang vere ein *liten revisjon*, og det er det som er lagt opp til i planframlegget. Det er likevel gjort dei nødvendige grepa ved at det som er utdatert er teke ut, det er teke omsyn til dei nye føringane, retninga er behalde og medan prioriteringane er endra i tråd med føringane frå planprogrammet. Strukturen er behalde sjølv om det er gjort nokre mindre grep for å tydeleggjere strukturen, blant anna gjennom vedlegget med oversikt over mål og satsingar. Dokumentet er noko lenger enn førre plan, og

det kan vere eit alternativ å legge alle avsnitt med status og behov (avsnitt 2 og 3) på kvar av prioriteringane i *vedlegget*. I tillegg vert det tilrådd å ta ut: meir om status og utfordringar, omtale av plansystemet, og referansar og kjelder, frå vedlegget i gjeldande plan. Dette er moment som ein finn i kunnskapsgrunnlaget til planstrategien, i planstrategidokumentet og i planprogrammet til revisjon av samfunnsdelen.

Kommunedirektøren meiner at ei god involvering av både politikarar - som representativt demokrati, og leiargruppa - har lagt eit godt grunnlag for samfunnsdelen som eit overordna styringsverktøy med dei føringane for revisjonen som ligg i planprogrammet. I tillegg var råda og næringslivet inne tidleg i prosessen, saman med lag og organisasjonar. Planprogrammet var på ordinært vis på open høyring for alle, og det same skal plandokumentet i tråd med denne saka.

I samfunnsdelen er det nytta ein gjennomgåande målstruktur med langsiktige mål, kortsiktige prioriteringar og satsingar. Det er ei målsetting å kople denne målstrukturen tydelegare til økonomiplanen og årsrapporteringa. For å sikre oppfølging av samfunnsdelen er det avgjerande å få til eit realistisk og godt forankra handlingsprogram, og ei god kopling til økonomiplanen. Kommunedirektøren gjer difor framlegg om at handlingsplanprosessen og økonomiplanprosessen vert slått saman. Vurderinga er at dette vil tydeleggjere denne koplinga.

Å ha ein arealstrategi vil gje betre politisk styring over arealbruken og gjere arbeid med planprosessen for arealdelen meir føreseieleg. Solund kommune skal ikkje revidere arealdelen i denne omgang, men har fleire reguleringsplanar på arbeidslista. Dei fleste av desse reguleringsplanane er enten omlag i tråd med arealplan eller det gjeld areal som i stor grad allereie er utbygde. Føringar i arealstrategien vil difor ha mindre å seie for desse reguleringsarbeida. Det vert difor tilrådd å ta ei stilling til kapittelet Berekraftig arealbruk i arbeidet med handlingsprogrammet.

Kommunedirektøren meiner at utkastet til samfunnsdelen omfattar viktige trendar, utfordringar og moglegheiter i samfunnet vårt, og speglar det innbyggjarar, næringsliv, frivillige og andre er opptekne av. Kommunedirektøren vurderer samla sett at utkastet til samfunnsdelen i stor grad famnar om våre viktigaste utfordringar og moglegheiter, og legg til rette for utvikling av Solundsamfunnet. Målsettingane i samfunnsdelen er både langsiktige og kortsiktige, og legg slik sett til rette for at vi som kommune kan ta rolla som ein aktiv samfunnsutviklar. Kommunedirektøren tilrår at utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund 2026 -2038 vert sendt på offentleg høyring, med ein høyringsperiode på seks veker. Ein revisjon av design kan gjerast etter vedtak av dokumentet.

Moment som er spesielt viktig at kommunestyret tek stilling til:

- Om planen skal kortast ned ved å flytte status og behov på dei ulike prioriteringane bak i planen.
- Om prioriteringane har med seg dei viktige overordna momenta i forhold til kva vi vil/strategiar. (Siste avsnitt på kvar prioritering - ikkje satsingar.)
- Om skissert prosess med handlingsplanen er riktig veg å gå. Dersom dette ikkje er riktig løysing må administrasjonen få eit tydeleg vedtak om korleis dette skal løysast, og få lage ein prosessplan på dette.
- Om medverknaden i lokalsamfunnet har vore tilstrekkeleg.

Vi skaper framtida i lag

Kommuneplanen Samfunnsdel Solund 2026 - 2038

Vedteken i k.sak. XX

Lågøystolane

Foto: Kayak the fjords/ Sverre Hjørnevik

Helsing frå ordføraren

UTKAST

Innhald

HELING FRÅ ORDFØRAREN.....	2
INNHALD.....	3
1 SOLUND NO OG FRAMOVER.....	4
1.1 I SOLUND SKAPER VI FRAMTIDA I LAG.....	4
1.2 FRAMTIDA TUFTAR VI PÅ DET VI HAR.....	4
1.3 ...MEN VI HAR NOKRE SKJER I SJØEN.....	5
2 SOLUND ER EIT SAMFUNN Å HØYRE TIL OG BIDRA I.....	6
2.1 SOLUNDSAMFUNNET OM 12 ÅR.....	6
2.2 BEREKRAFT, TRYGGLEIK OG INKLUDERING SOM KJENNETEIKN PÅ SOLUND.....	7
3 PRIORITERINGAR FOR SKAPE SAMFUNNET VI VIL HA I 2038.....	8
3.1 VARIERTE BUSTADTILBOD OG GODE BUKVALITETAR.....	8
3.2 LIVSKRAFTIG NÆRINGSLIV I SOLUND.....	10
3.3 SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR FOR FRAMTIDA.....	11
3.4 KULTUR OG FRIVILLIGHEIT FOR FELLESSKAP, ENGASJEMENT OG LIVSKVALITET.....	12
3.5 ARBEIDSMÅTAR I EI NY TID.....	13
4 VEDLEGG.....	14
4.1 OVERSIKT OVER MÅL OG SATSINGAR I PLANEN.....	15
4.2 OM PLANEN.....	16

1 Solund no og framover

1.1 I Solund skaper vi framtida i lag

Samfunnsplanen skal vise vegen og prioriteringane for utviklinga av Solundsamfunnet, både i eit kortsiktig og langsiktig perspektiv. Planen skal vere Solund sin felles overordna plan som tek omsyn til status i Solund og elles i verda. Samfunnsplanen gjeld både for kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon, og sette retning for korleis vi ynskjer å skape framtida i lag.

Planen skal bidra til å gjere avklaringar for framtida i Solund, og legge til rette for at vi saman kan skape det samfunnet vi vil ha i Solund. Eit viktig mål med samfunnsdelen er å sikre tydelege prioriteringar, som tek omsyn dei nye utfordringane og mogelegheitene som vi står ovanfor.

Samfunnsdelen er tufta på dei tidlegare samfunnsdelane til Solund og arbeidsverkstadane som har vore gjennomført på politisk nivå og i administrasjonen i 2024 og 2025. Det vart jobba godt fram mot vedtak av samfunnsdelen av 2020, og det vart vedteke av det skulle gjerast ei mindre rullering av samfunnsdelen i prosessen 2024/25. Ein heil del av planen står seg, men nokre endringar er også behov for med bakgrunn i endra utfordrings- og mogelegheitsbilde, nye føringar og for å ta ut det som er gjennomført.

1.2 Framtida tuftar vi på det vi har

I arbeidet med samfunnsdelen som vart vedteken i 2020 vart innbyggerane spurt om kva som er dei lokale kvalitetane i Solund. Mange nemner natur, tryggleik og fridom, mens andre legg vekt på at vi har gode tenester, nettverk og mange varierte tilbod. Det blir også sagt at i Solund er det lov å prøve seg, rom for å vere seg sjølv, og du kan gjere ein forskjell. I tillegg vert skaparkraft, handlingsorientering og sterk identitet trekt fram.

I arbeidsverkstad med kommunestyret og administrasjon i 2024 vart det peika på ei rekkje mogelegheiter i Solundsamfunnet:

- Skaparkrafta og samarbeidskulturen i Solundsamfunnet.
- Kort veg mellom samfunnsaktørar, og rask reaksjonsevne.
- Solund er gode på frivilligheit.
- Grøn omstilling knytt til marine næringar (fiskeri, havbruk, verftsindustri, sjøfart).
- Det er stor aktivitet i samfunnet og mange prosjekt på agendane, både kommunale og ikkje-kommunale.
- I større grad synleggjere alt det som skjer.
- Finne ny måtar å jobbe på.
- Satse på lokal arbeidskraft.
- Forvaltning av Solund på ein balansert berekraftig måte.
- Naturgjevne ressursar.
- Endring i lokal og regional samferdsel.

I tillegg har Solund ei strategisk plassering knytt til sjø som gjev potensiale for regional verksemd.

Lista over viser mange positive sider og mogelegheiter ved Solundsamfunnet, som er grunnlaget for vidare vekst og utvikling



Utsikt frå Ramnenipa. Foto: Solund kommune - Kristine Holm.

1.3 ...men vi har nokre skjær i sjøen

Viktige utviklingstrekk og utfordringar fanga opp undervegs i planarbeidet er lista opp under:

- **Nedgang i folketal og fallande barnetal** er dei største utfordringane, blant anna grunna trenda med sentralisering. Konsekvensane av dette er blant anna utfordringar med:
 - **Rekruttering** og det å behalde arbeidskraft. Dette krev målretta innsats for å sikre attraktive arbeidsplassar, god kompetanseutvikling og eit inkluderande arbeidsmiljø.
 - **Fleire eldre og færre unge** gjer at omsorgsbyrden aukar på dei som er i arbeidsfør alder og dette krev endring i dei kommunale tenestene og nye samarbeidsmetodar. Situasjonen byr på fleire moglegheiter og utfordringar enn ein har sett til no.
 - **Økonomien** til kommunen sine inntekter vert påverka av demografi og havbruksinntekter. Dette vil få konsekvensar for **tenestetilbodet** som Solund kommune kan tilby i framtida.
 - **Fleire menn enn kvinner** gjer mellom anna at folketalsutviklinga bremsar opp. Unge kvinner har ein større tendens til å flytte frå heimstaden enn unge menn, hovudsakeleg for å ta høgare utdanning. Næringslivet er ikkje variert nok til å kunne tilby arbeidsplassar til «alle».
- **God inkludering** vert stadig viktigare slik at dei som kjem til Solund og dei som bur her får delta og blir sett/inkludert som den dei er. Solund kan merkje seg ut med ein open felles kultur for inkludering.
- **Aukande krav til mobilitet i samfunnet** gjer at Solund må arbeide strategisk for å sikre båt, og ferjeruter. Dette kan bidra til å sikre eit konkurransedyktig næringsliv i Solund og fleksibilitet i høve kvar ein bur og jobbar. Samtidig er **samferdsla i Solund i endring** med at det kjem ny bru over Ytre Steinsund og at ny ekspressbåstogg på Hardbakke er i prosess. Dei lokale båtrotene og bussruter blir endra.
- **Forventing om sentrumsqualitetar** krev oppdatert reguleringsplan og strategiske grunnkjøp på Hardbakke.
- **Nasjonale og regionale endringar** gjer at Solund må gjere nye strategiske val i forhold til eiga oppgåveløysing, samarbeid og partnerskap for å få til ønska samfunnsutvikling.
- **Totalberedskapen** blir viktigare framover med omsyn til klimaendringar og endringar i den geopolitiske situasjonen. Dette gjer vårt behov for sjølvforsyning større, og her kan Solund som matprodusent spele ei rolle.
- **Klimaendringane** er tydlegare og gjer at det må rettast merksemd både mot konsekvensar som utsleppsreduksjon og tilpassing til meir ekstremvær i all planlegging. Klimaendringane får **konsekvensar for næringslivet** som direkte og indirekte er basert på naturressursane i Solund.
- **Naturmangfaldet** er under press, og Solund må ta ansvar for å ta vare på særskilde naturtypar og artane som har betre livsvilkår i Solund enn andre stader.
- **Motstridande interesser knytt til sjøen** og strandsona gjer at Solund må ta styringa med arealbruken for å kunne sikre lokal verdiskaping.
- **Tilgang på stabil og fornybar energi** er ein viktig føresetnad for samfunnsutviklinga og beredskapen, og krev ei heilskapleg tilnærming som tek omsyn til både miljø, økonomi og framtidige behov.

Meir om status og utfordringar for Solund kommune er å finne i kunnskapsgrunnlaga som ligg på Solund kommune si nettside.



Skjær i sjøen både fysisk og biletleig. Foto: Solund kommune - Kristine Holm.

2 Solund er eit samfunn å høyre til og bidra i

2.1 Solundsamfunnet om 12 år

Som alle kommunar, står Solund framfor komplekse utfordringar kring arbeidskraft og kompetansebehov, nedgang i folketal og demografiendringar. Samtidig vert dei økonomiske rammene strammare. Denne utviklinga utfordrar kommunen si evne til å sikre at innbyggjarane og lokalsamfunnet får dekkja naudsynte behov og vert sikra nødvendig handlingsrom, utan at det går ut over kommande generasjonar. Det må tenkast nytt om korleis vi utviklar velferdssamfunnet og kva som skal vere kommunen si rolle i samfunnsutviklinga. I Solund trur vi at velferdssamfunnet må utviklast i samarbeid mellom innbyggjarar, samfunnsaktørar og kommuneorganisasjonen.

For å arbeide målretta med utfordringane må vi ha eit bilde av korleis vi ynskjer å ha det framtida - *Solund 2038*. I arbeidet med planen har vi funne fram til følgjande ynskje for framtida:

- næringsdrivande og tilflyttarar etablerer seg permanent i Solund fordi dei kjenner seg velkomne og opplever at det er enkelt.
- eit variert og framtidsretta næringsliv som baserer seg på Solund si plassering og grunnleggande ressursar i natur og folk.
- eit variert bustadtilbod med god kvalitet og trygge bustadmiljø, der kultur-, idretts- og organisasjonsliv skaper aktivitet, fellesopplevingar og identitet.
- barn og unge som har trygge, likeverdige og utviklande oppvekstvilkår i ein kommune som verdset kunnskap, ferdigheiter og mangfald.
- eit livsløpsvennleg samfunn der alle kan bidra, delta og meistre livet lenger, ha tryggleik for å få hjelp når dei treng det, og det er lagt til rette for at pårørande og frivillige kan hjelpe.
- eit samfunn som legg til rette for å bygge og behalde god helserelatert åtfærd.
- eit samfunn med sosial likskap, som omfamnar mangfald og bidrar til likestilling.
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som kjenner mogelegheitene, deltek i aktivitetar, og skapar aktivitet, fordi dei ynskjer å bidra positivt for seg sjølv og andre.
- innbyggjarar, besøkande og næringsliv som brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte.
- infrastruktur som gjer det enklare med aktiv deltaking i eit regionalt bu-, arbeids og serviceområde, og færre barrierar for dei som arbeider og nyttar seg av utdannings-, kultur og fritidstilbod.
- ein effektiv kommunal organisasjon med motiverte, kvalifiserte og omstillingsdyktige medarbeidarar som trivast, og som tek i bruk mogelegheitene som kjem med digitalisering, og er ein pådrivar i utviklingsarbeid.
- beredskap i samfunnet som i samhandling med andre er i stand til å handtere dei hendingar og krisesituasjonar som kan inntreffe.
- tenester som er nær innbyggjarane, og som vert løyst lokalt når det er mogleg.



Solund fest. Foto: Solund kommune – Kristine Holm.

2.2 Berekraft, tryggleik og inkludering som kjenneteikn på Solund

For å bidra til å styre mot *Solund 2038* gjennom den daglege aktiviteten i Solund har det blitt peika ut nokre prinsipp. Desse prinsippa skal så langt som mogeleg kjenneteikne det som skjer i Solund, frå planlegging, til prosjekt og dagleg drift. Dette er store tema som krev breitt samarbeid for alle prinsippa.

Solund skal ha legge prinsippa om berekraft, tryggleik og inkludering til grunn i planlegging, drift og utvikling.

Berekraft omfattar å arbeide for FN sine berekraftsmål i ein Solund-samanheng. Berekraft er definert som arbeid for å bidra til å nå berekraftsmåla nummer 2, 3, 4, 8, 9, 10, 11, 16 og 17 (sjå nedanfor). Arbeidet vert gjort gjennom arbeidet med prioriteringane (kapittel 3). Dei måla som er prioritert å jobbe med er synleggjort fleire stader i planen ved bruken av symbola for dei respektive berekraftsmåla.



Synleggjering av dei berekraftsmåla som er fokusert på gjennom arbeidet med prioriteringane til Solund kommune.



Tryggleik handlar primært om liv og helse til menneske, sekundært andre verdiar. I dette ligg behovet for ein totalberedskap i samfunnet med stor breidde av aktørar, frå kommunar og naudetat til næringsliv og frivilligheit. Aktørar som er budde i møte med meir og mindre overraskande og uventa hendingar, både sivile, militære, naturgejevne og menneskeskapte.

*Stortingsmelding 9 (2024-2025).
Totalberedskapsmeldingen - Forberedt på kriser og krig.*

Inkludering er å invitere menneske med i eit fellesskap, og å sørge for at dei kan delta.



3 Prioriteringar for skape samfunnet vi vil ha i 2038

Solund kommune har identifisert fem *prioriteringar* som krev særskilt fokus og nye grep i perioden 2026 – 2028. Desse er funne basert på utfordringane og mogelegheitene i arbeidsverkstader. I dette kapitlet finn ein også dei strategiske grepa som skal gjerast for å nå måla. Alle desse prioriteringane krev samarbeid på tvers av tema og samfunnsaktørar for å nå målsettingane.



Dei neste åra er det seks konkrete *satsingar* som vil krevje mykje ressursar og tid av kommunen. Desse satsingane er bidrag til fleire av prioriteringane, og er plassert under den meste relevante prioriteringa. Satsingane er ikkje prioriteringar i seg sjølv, men større oppgåver som krev mykje. Prioriteringane er overordna satsingane og skal jobbast med i perioden 2026 – 2028.

3.1 Varierte bustadtilbod og gode bukvalitetar

Målet er at Solund skal ha eit variert og framtidsretta bustadtilbod med gode bukvalitetar for alle aldrar og livssituasjonar, og styrke eksisterande grender og knutepunkt som attraktive buområde



Bukvalitetar handlar om bustader, tenester, kvalitetar, tilbod, omdøme, identitet og kultur. Bukvalitetar er ein vesentleg føresetnad for trivsel i lokalsamfunnet i Solund, der aktivitet og transport i Solund tradisjonelt har vore knytt til sjøen. Bustadtilbodet omfattar ulike alternativ for å bu, frå ulike typar bustader til ulike buformer.

Storparten av befolkninga bur i einebustader og mange kan ha ynskje om å flytte til meir lettstelte leilegheiter med livsløpsstandard når dei vert eldre. Slik kan det bli mogleg for barnefamiljar å kjøpe einebustader. Meir lettstelte bustader til den eldre delen av befolkninga gjer det også enklare å tilby heimetenester slik at fleire kan klare seg sjølv lenger. Samstundes er bustadmassen i Solund homogen med svært høg grad av eine- og tomannsbustader. Det er mange bustader som er omgjort til fritidsbustader i Solund. Dette inkluderer også gardsbruk som vert nytta som fritidsbustad, og er i større og mindre grad ikkje i aktiv drift. Bustadmarknaden i Solund fungerer framleis ikkje godt nok, og nybygging medfører økonomisk tap. I tillegg medfører låg verdi på bustader til at dei som er innehavar av både primær- og sekundærbustad, vel å ha sekundærbustad i Solund av skattemessige årsaker, og det difor er mange som eig i Solund utan å bu her. Det er underskot på bustader i kommunesenteret, delvis grunna at det er mange fritidsbustader i kommunesenteret, men og i bygdene elles.

Det er etterspurt tilgjengeleg og attraktive areal i form av bustader og tomter, primært nær sjøen, for dei som ynskjer å busette seg i kommunen. Det er etterspurnad etter ulike bustadformer, både kollektiv, mikrohus, leilegheiter, einebustader og gardsbruk.

Arbeidet skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved å bidra til at tilflyttarar og næringsdrivande kjenner seg velkomne, bidra til eit variert bustadtilbod, livsløpsvenleg samfunn, og at aktørane deltek og bidreg til aktivitet i samfunnet.

Solund vil stimulere til auka bustadbygging/rehabilitering av bustader ved meir offentleg-privat samarbeid, og ved bruk av Husbankmidlar og andre aktuelle løysingar. Eit av Solund kommune sine viktigaste verkemiddel på område har i lang tid vore Solund bustadstifting. Det vert arbeida med å sjå på vidare form og rolle for bustadstiftinga då stiftingslova for tida gjev kommunane større handlingsrom kring nedlegging av kommunale bustadstiftingar. Det er viktig at det gode arbeidet bustadstiftinga har gjort vert ivareteke også i ei eventuell framtidig organisering av bustadarbeidet i Solund kommune. Det skal prioriterast aktiv informasjon om tomter og bustadtilbod. Nye bustadformer og fortetting vurderast der dette er naturleg. Strengare handheving av bu- og driveplikt på gardsbruk

kan auke tilgangen til bustader på gardsbruk. Utviklinga i Solund med ny bru, ny skule og ekspressbåtstopp på Hardbakke må nyttast til å samle Solundsamfunnet og generere auka merksemd og utvikling. Sjå handlingsprogrammet for meir detaljar.

Satsing:**Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet – Regulering av sentrum på Hardbakke**

Arbeidet skal føre fram til ein heilskapleg strategi for å utvikle attraktivt hamnesentrum med auka integrasjon i ein regional bu- og arbeidsmarknad. Strategien skal ta opp tema som betre samferdsel, forbedra integrasjon mellom tettstad og grender, bustadbygging og auka aktivitet. I arbeidet med å styrke tettstadsfunksjonaliteten kan ein mellom anna sjå på korleis ein betre kan utnytte allereie bygde areal. Arbeidet skal følgje opp strategien med konkrete tiltak for å styrke det lokale arbeidet med temaa. Lokalisering av ekspressbåtstopp skal avklarast og regulerast. I tillegg skal området i indre hamn regulerast, og arbeidet skal legge til rette for auka aktivitet i Solund kommune. Planarbeidet skal mellom anna sikre ekspressbåthamn, bustadfortetting, reiselivsnæringa, betre gangsamband, betre tilkomst til dagens hamn, betre kapasitet i gjestehamn og servicebygg. Kommunen vil arbeide for at planen legg til rette for god kvalitet i tettstadsutviklinga og vil følgje opp med strategiske grunnkjøp viss mogleg.



Hardbakke. Foto: Solund kommune – Kristine Holm.

Satsing**Auke Solund sin attraktivitet som ein stad å bu**

Satsinga omfattar å planlegge og gjennomføre bustadprosjekt. Lokale, regionale og nasjonale aktørar skal samarbeide om å utforske moglegheiter for transformasjon, oppgradering eller gjenbruk av eksisterande bustadmasse, fortetting, nye bustadkonsept og utnytting av eksisterande verkemiddel som bidreg til fleire eigna bustadar i kommunen. Arbeidet skal fremje gode bustadmiljø og stadkvalitetar, samarbeid mellom offentlege og private aktørar, og bidra til å styrke heilskapleg bustadplanlegging i kommunane. Det skal kartleggast ulike målgrupper for ei bustadutvikling, etablerast ei organisering av bustadarbeidet, auke kompetansen på feltet og utarbeidast eit bustadprogram som peikar ut den vidare vegen på området.

3.2 Livskraftig næringsliv i Solund

Målet er at Solund skal utvikle eit mangfoldig og berekraftig næringsliv med fleire arbeidsplassar, og vere ein attraktiv kommune for rekruttering og utvikling av lokal kompetanse



Livskraftig næringsliv i Solund omfattar arbeid med næringsutvikling i eit breitt perspektiv med varierte arbeidsplassar, legge til rette for utvikling av eksisterande og ny næring, sikre arbeidskraft, inkluderande arbeidsliv, samarbeid, kompetanse, sikre at unge får prøve seg i arbeid, saman med å sikre næringsareal. Måltemaet gjeld både offentleg og privat sektor.

Næringslivet i Solund er i stor grad knytt direkte eller indirekte til sjøen, og då spesielt fiskeri og havbruk. I tillegg kjem bedrifter som driv service for sjørelaterte næringar, som til dømes verft, handverkarar og notbøteri. Servicenæringar som til dømes transport og reiseliv sysselsett ein del, saman med til kulturfeltet. Landbruksdrift er for mange ein del av mangesysleriet, og det finnst over 2000 sau i Solund. Mykje av næringslivet i Solund er sårbart med omsyn til klimaendringane og konsekvensane dette kan medføre. Solund kommune er den største arbeidsgjeveren i kommunen.

Det er behov for å tenkje breitt for å vidareutvikle næringslivet i Solund. Samferdsel og infrastruktur er ei eiga prioritering, men er og viktig for næringslivet. Det er behov for å tenkje vidt og alternativt kring rekruttering og å behalde arbeidskraft. Dialog med næringa synleggjer behov for næringsareal og at næringar ynskjer å samle seg. Det er konkrete behov knytt til felles fiskerikai, og Solund kommune skal legge til rette for næring i Søre Morteveika i Ytre Steinsund.

Arbeidet med livskraftig næringsliv skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved å bidra til at næringsdrivande kjenner seg velkomne og opplever det er enkelt å etablere seg, eit variert og framtidsretta næringsliv som baserer seg på grunnleggjande ressursar i natur og folk i Solund, og næringsliv som deltek i aktivitetar og skaper aktivitet.

Det er ynskje om å utvikle og å nytte dei naturgjevne ressursane ein har i Solund. Ulike satsingsområde på sjøen og i kystlandskapet kan vere med på å gje mogelegheiter og framtidsretta arbeidsplassar til fleire. Tradisjonelt har det vore ein sterk utviklingkultur i Solund og denne må takast vare på. Det må vere eit særskilt fokus å rekruttere og behalde arbeidskraft gjennom ein heilskapleg innsats. Aktørane innan næringsutvikling i Solundsamfunnet skal støtte næringslivet ved å legge til rette, stimulere til delingskultur, og sikre møteplassar og næringsareal. Omstilling til nye tider med blant anna klimaendringar. Teknologiske endringar, og geopolitisk og økonomisk uro, må møtast med lokal tilpassing, styrka samspel og samarbeid, evna til å tenkje nytt, og tiltak som gjer næringslivet og kommunen meir robust. Ulike tiltak som synleggjering, fokus på trivsel, inkludering, kompetanseheving og ordningar for å prøve jobb, er viktige for å sikre arbeidskraft og å bevare arbeidsplassar. Det skal sikrast kontinuerleg drift av landbrukseigedommane med omsyn til matvaretryggleik og pleie av kulturlandskapet. Sjå handlingsprogrammet, for meir detaljar.

Satsing

Styrke næringsutvikling og jobbmarknad

Det skal arbeidast for å ta vare på eksisterande arbeidsplassar og kompetanse, og bidra til å etablere nye. Utarbeiding av moglegheitsstudiar for nærings- og ervedsutvikling i regionen, basert på Solund kommune sine naturressursar, lokasjon og lokale konkurransefortrinn er ein del av satsinga. Prioriterte område er berekraftig reiseliv, styrking av og innovasjon innan maritime og marine næringar, ny infrastruktur for næring. Andre tema er desentraliserte utdanningstilbod og arbeidsplassordningar og utvikling av kompetansearbeidsplassar som kan bidra til å rekruttere og behalde kvinner i lokalsamfunna.



Sulehav. Foto: Rasmus Sørenstam.

3.3 Samferdsel og infrastruktur for framtida

Målet er at Solund har trygg og framtidsretta samferdsel og infrastruktur som sikrar god mobilitet, kommunikasjon og energitilgang for innbyggjarar og næringsliv



Samferdsel og infrastruktur omfattar alt frå vegnett, passasjerbåt- og ferjeruter inkludert kaiar, kollektivtransport, godstransport på sjø og land, mobil- og fiberdekning, og energinett.

Vegnettet inn til Solund er av varierende kvalitet og tilkomst på bilvegen er avhengig av ferjer frå fastlandet til Krakheilla og Losna. Vegnettet i Solund er delvis eigd av Vestland fylkeskommune og delvis av Solund kommune. Solund eig mykje veg fordelt på innbyggjartalet, i forhold til samanliknbare kommunar. Det er fleire endringar i samferdsla i emning - Ytre Steinsund bru saman med bru over Rørdalsfjorden er under utbygging og vil truleg stå ferdig før utgangen av 2026. Fylkesutvalet støttar konklusjonen om å legge ekspressbåten gjennom Hardbakke. Dette vil få konsekvensar for heile rutemønsteret i Solund. Vestland fylkeskommune må skjere ned, og signal tilseier at dette vil få konsekvensar for blant anna kollektivtilbodet, inkludert passasjerbåttilbodet. I tillegg er fylkeskommunal godstransport på sjø allereie under press.

Solund kommune har godt utbygd mobil- og fiberdekning der det er fastbuande. Kommunen har avgrensa nettkapasitet for straum i dag. Det er behov for ei betre tilpassing av ferjeruta til fastlandet, spesielt for næringslivet. Bil vil vere eit viktig transportmiddel i Solund uansett på kva måte kollektivtrafikken utviklar seg. Vegstandarden i kommunen må difor vere god. Samstundes må vi arbeide for at tilførselsvegar utanfor kommunen er tilpassa Solund sine behov.

Arbeidet med samferdsel og infrastruktur skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved å bidra til at tilflyttarar og næringsdrivande opplever det er enkelt å etablere seg, ha tryggleik for å få hjelp når det er behov og gjer det enkelt å delta i arbeidsliv og aktivitetar.

Moglegheiter for kommunikasjon til og frå kommunen, og internt i kommunen er sentralt. Utvikling av reiselivet er med å styrke dei lokale rutene. Solund vil lytte til behova i lokalsamfunnet og vere ein pådrivar for utbetring av alle typar infrastruktur, med særskilt fokus på ekspressbåtkai og auke i nettkapasitet, i tillegg til å koordinere den lokale innsatsen mot regionale og sentrale styresmakter. Det skal tenkjast på nye måtar for å sikre å oppretthalde og forbetre tilbodet. Flytting av ekspressbåttoppa til Hardbakke, endring av ferjeruta på Krakheilla og Ytre Steinsund bru vil vere viktige element i dette arbeidet. Endringane i samferdsla fører til at heile ruteopplegget for ulike transportmiddel i kommunen må sjåast på. Sjå handlingsprogrammet for meir detaljar.

Satsing

Førebu nytt trafikkmønster internt i kommunen

Dei neste åra vil det skje fleire endringar i samferdsla i Solund som gjer at det er behov for å sjå på endringar i rutemønsteret. Dette omfattar i første omgang bru over Ytre Steinsund, saman med elektrifisering av ferja Losna. På eit seinare tidspunkt kjem flytting av ekspressbåttoppa til Hardbakke, og behovet for endringar i internrutemønsteret som kjem av dette. Det er også signal om kutt i rutetilbodet med bakgrunn i den økonomiske statusen til fylkeskommunen.



Sundferja med brubygging over Ytre Steinsund i bakgrunnen. Foto: Solund kommune – Anne Kristine Dyrda.

3.4 Kultur og frivilligheit for fellesskap, engasjement og livskvalitet

Målet er at Solund skal gi alle innbyggjarane eit rikt og variert kulturtilbod, vidareutvikle kulturinstitusjonar med høg kvalitet, og fremje eit inkluderande frivilligliv som styrkjer helse, tilhøyrse og engasjement på tvers av alder og bakgrunn.



Måltemaet kultur og frivilligheit omfattar alle typar organisert frivilligheit, bibliotek, kulturskule og den tradisjonelle kultursektoren som gjerne handlar om kunst, musikk, litteratur og teater.

Kulturindeksen syner at Solund ligg høgt på kulturfeltet samanlikna med dei andre kommunane i landet, blant anna grunna relative tal som syner høge medlemstal i kulturorganisasjonar og mange kunstnarar. Lag og organisasjonar er med på å gje innbyggjarane arenaer og aktivitetar som styrkjer fysisk og psykisk helse. Ikkje alle finn seg til rette i tradisjonelle organiserte aktivitetar, og ein må sikre at det finst tilbod å delta i utanom desse, saman med mogelegheiter for eigenaktivitet.


Ved å ha breidde i aktivitet og skape møteplassar der unge blir sett, høyrte og tatt på alvor, kan ein inspirere born og unge til å engasjere seg, auke både trivsel og inkludering i samfunnet generelt. Difor er det viktig å ha eit mangfald av arenaer for deltaking og tilhøyrse, på tvers av alder, med botn i felles interesser. Frivilligheita i Solund gjer ein stor jobb for å skape aktivitet i Solund og det er behov for å støtte frivilligheita slik at lag og organisasjonar kan konsentrere seg om kjerneverkssem da si.

Arbeidet med kultur og frivilligheit skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved at kultur-, idretts- og organisasjonsliv skaper aktivitet, fellesopplevingar og identitet, at barn og unge har trygge, likeverdige og utviklande oppvekstvilkår, i tillegg til å legge til rette for at frivillige kan hjelpe, og bidra til sosial likskap og god helse.

Solund vil legge til rette for og stimulere til eit rikt og variert kulturtilbod med høg kvalitet og tenlege lokale. Kulturskule og bibliotek har gode vilkår til å utøve sine kjerneformål. Ungdom skal få høve til å vere med på aktivitetar og bidra i samfunnet. Aktivitetar og møteplassar skal vere tilgjengeleg for alle delar av kommunen og alle delar av samfunnet. Sjå handlingsprogrammet for meir detaljar.

Satsing Solund i samspel

Med endringane som har skjedd og kjem til å skje dei neste åra er det mogelegheitsrom for å sjå på korleis ein kan knyte samfunnet tettare saman. Bru over Ytre Steinsund kan bidra til å samle Solund-samfunnet. Det nye skulebygget og biblioteket har potensiale til å verte eit kulturhus for heile kommunen. Framover er det viktig å fylle dette bygget med aktivitet, både gjennom arrangement i regi av kommunen, men også gjennom frivillig aktivitet.



Lysfestivalen 2023. Foto: Solund kommune.

3.5 Arbeidsmåtar i ei ny tid

Målet er at Solund kommune skal utvikle ein framtidsretta og berekraftig tenesteproduksjon med høg fagleg kvalitet, der ein endringsdyktig organisasjon nyttar kompetanse, teknologi og samarbeid for å møte utfordringar og skape utvikling i eit samfunn i endring.



Arbeidsmåtar i ei ny tid handlar om korleis Solund kommune som organisasjon skal jobbe for å møte dei nye utfordringane knytt til demografi, klima, global og nasjonale endringar og trendar, saman med endra økonomiske rammer. Totalberedskapen er evna samfunnet har til å mobilisere ressursar ovanfor eit samansett risiko- og trusselbilette.

Det vert fleire eldre og færre yngre også i Solund, dette gjer at det er færre som kan løyse helsetenestene i ei befolkning som blir eldre, i tillegg til at folketalet har gått ned over tid. Klimaendringane fører til at det vil bli auka krav til beredskapen både i akutte situasjonar og vil få konsekvensar for dagleg drift. Oppgåvetrykket aukar samtidig som kommuneøkonomien i heile landet er under press.

Kommunen må ha ein kultur for å møte dette offensivt, og nytte moglegheitene som ligg i å kunne vere ein liten, men moderne, endringsvillig og lærande organisasjon. Med spenn i arbeidsoppgåver treng ein ansvarlege tilsette som samhandlar og er løysingsorientert for å løyse oppgåver. Og vi treng ei innstilling om at vi skal byggje og styrke kompetanse i eigen organisasjon.

Måltemaet arbeidsmåtar i ei ny tid skal bidra til målsettingane for *Solund 2038*, blant anna ved at næringsliv og tilflyttarar føler seg velkomne, at vi har eit livløpsvenleg samfunn der alle kan bidra, sikre god helse, og at tenester vert levert nær innbyggjarane.

Solund vil bygge nettverk, samarbeide, samhandle og informere både tverrsektorielt internt og eksternt. Kommunen skal vere dynamisk i korleis oppgåver vert løyst. Tenestene blir utforma i dialog med brukarane, med god standard på anlegg og fokus på helse, miljø og tryggleik, saman med energiøkonomisering. Viktige tiltak og reiskapar innan dette måltemaet er omfang og fordeling av arbeidsoppgåver, førebyggjande arbeid, og førebu kommunal infrastruktur og eigedom på konsekvensane av klimaendringane. Teknologi er eit viktig verktøy i arbeidet, saman med samarbeid med frivillighet, næringsliv og regionale aktørar.

Satsing

Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid

Kommunen skal gå gjennom eiga rolle, organisering og ressursbruk, og arbeide målretta for å ivareta og styrke kompetanse og kapasitet innan sentrale område som bustad, næring og samskaping med lokalsamfunna. Ein vil sjå på korleis den kapasiteten som ligg i mellom anna frivillig arbeid og kultur kan styrkast som ein ressurs i å bygge ein felles utviklingskapasitet. Arbeidet skal synleggjere og nytte den ressursen ein liten kommunen har i form av tett samarbeid mellom ulike fagområde og ei heilskapleg tilnærming til lokal samfunnsutvikling.



Årleg møte med lag og organisasjonar. Foto: Solund kommune – Kristine Holm.

4 Vedlegg



Kvernhusvika. Foto: Øystein Espeland.

4.1 Oversikt over mål og satsingar i planen

Langsiktig del (2026 – 2038) av samfunnsplanen: <i>Solund i 2038</i>				
- næringsdrivande og tilflyttarar etablerer seg permanent i Solund fordi dei kjenner seg velkomne og opplever at det er enkelt. - eit variert og framtidsretta næringsliv som baserer seg på Solund sine grunnleggande ressursar i natur og folk. - eit variert bustadtilbod med god kvalitet og trygge bustadmiljø, der kultur-, idretts- og organisasjonsliv skaper aktivitet, fellesopplevingar og identitet. - barn og unge som har trygge, likeverdige og utviklande oppvekstvilkår i ein kommune som verdset kunnskap, ferdigheiter og mangfald. - eit livsløpsvennleg samfunn der alle kan bidra, delta og meistre livet lenger, ha tryggleik for å få hjelp når dei treng det, og det er lagt til rette for at pårørende og frivillige kan hjelpe. - eit samfunn som legg til rette for å bygge og behalde god fysisk og psykisk helse. - eit samfunn med sosial likskap, som omfamnar mangfald og bidrar til likestilling. - innbyggjarar, besøkande og næringsliv som deltek i aktivitetar, og skapar aktivitet fordi dei ynskjer å bidra positivt for seg sjølv og andre. - innbyggjarar, besøkande og næringsliv som brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte. - infrastruktur som gjer det enklare med aktiv deltaking i eit regionalt bu-, arbeids og serviceområde, og færre barrierar for dei som arbeider og nyttar seg av utdannings-, kultur og fritidstilbod. - ein effektiv kommunal organisasjon med motiverte, kvalifiserte og omstillingsdyktige medarbeidarar, som tek i bruk moglegheitene som kjem av digitalisering, og er ein pådrivar i utviklingsarbeid. - beredskap i samfunnet som i samhandling med andre er i stand til å handtere dei hendingar og krisesituasjonar som kan inntreffe. - tenester som er nær innbyggjarane, og som vert løyst lokalt når det er mogleg.				
Prinsipp: Berekraft, tryggleik og inkludering				
Kortsiktig del av samfunnsplanen (2026 - 2028): Tema for prioriteringar				
Varierte bustadtilbod og gode bukvalitetar	Livskraftig næringsliv i Solund	Samferdsel og infrastruktur for framtida	Kultur og frivillighet for fellesskap og livskvalitet	Arbeidsmåtar i ei ny tid
Kortsiktig del av samfunnsplanen (2026 - 2028): Mål				
Solund skal ha eit variert og framtidsretta bustadtilbod med gode bukvalitetar for alle aldrar og livssituasjonar, og styrke eksisterande grender og knutepunkt som attraktive buområde.	Solund skal utvikle eit mangfaldig og berekraftig næringsliv med fleire arbeidsplassar, og vere ein attraktiv kommune for rekruttering og utvikling av lokal kompetanse.	Solund skal ha trygg og framtidsretta samferdsle og infrastruktur som sikrar god mobilitet, kommunikasjon og energitilgang for innbyggjarar og næringsliv.	Solund skal gi alle innbyggjarane eit rikt og variert kulturtilbod, vidareutvikle kulturinstitusjonar med høg kvalitet, og fremje eit inkluderande frivilligliv som styrkjer helse, tilhøyrse og engasjement på tvers av alder og bakgrunn	Solund kommune skal utvikle ein framtidsretta og berekraftig tenesteproduksjon med høg fagleg kvalitet, der ein endringsdyktig organisasjon nyttar kompetanse, teknologi og samarbeid for å møte utfordringar og skape utvikling i eit samfunn i endring.
Kortsiktig del (2026 - 2028): Satsingar				
Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet – Regulering av sentrum på Hardbakke	Styrke næringsutvikling og jobbmarknad	Førebu nytt trafikkmønster internt i kommunen	Solund i samspel	Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid
Auke Solund sin attraktivitet som ein stad å bu				

4.2 Om planen


I **kapittel 1** finn ein litt om kva ein samfunnsplan er og kva den skal svare ut. Det er lovpålagt at kommunar har ein samfunnsplan, og det er krav til at planen skal ta stilling til utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i sin heilskap og kommunen som organisasjon. Plandokumentet skal vere eit grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Den skal gje retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast.

Det er krav om at utfordringar vert omtala i planen, men det er også nyttig å ha ei oversikt for å sikre at kommunen jobbar med dei rette tinga. Ein må gripe tak i utfordringane og forholde seg til dei. Av same grunn er det også nyttig å ha med kva mogelegheiter og styrker Solund har. Det er tilrådd å sikre og utvikle det ein har, i større grad enn å satse på nye ting, innan til dømes næring.

Ein har samla kunnskap om det ein har – mogelegheiter og styrkar, og ein har samla utfordringane. Men ein må også ha ein plan for kor ein vil og korleis ein vil at Solund som samfunn skal vere i framtida – *Solund 2038*. Dette kjem fram i **kapittel 2**. For å bidra i den daglege verksemda er det trekt fram nokre prinsipp. Desse prinsippa skal så langt som mogeleg kjenneteikne aktiviteten i samfunnet, frå planlegging, til prosjekt og dagleg drift. Dette er store tema som krev breitt samarbeid.

Basert på status i kommunen (utfordringar og mogelegheiter) og korleis vi vil Solund skal vere i framtida, så må vi prioritere kva vi vil arbeide med. Vi må finne vegen frå dagens status til Solund i 2038, og difor må vi fokusere på nokre prioriterte tema. Dette gjer vi i **kapittel 3**. Her er det ei konkretisering av prioriteringane med ei forklaring av måltemaet, status på temaet, behova på feltet, målteamet sitt bidrag til Solund 2038, og kva vi vil gjere i 2026 - 2028. I kapittel 3 vil ein også finne konkrete satsingar som er omfattande og vil krevje mykje frå administrasjonen i åra som kjem.

I **vedlegget** finn ein ei konkretisering av hovudmåla med ein omtale av korleis ein skal nå måla.



Figur som syner korleis dei ulike kapitela i samfunnsdelen, og i tillegg økonomiplanen, står i forhold til kvarandre, og korleis kapitela leiar opp til det samfunnet vi vil ha i 2038. Solund kommune.